



DET TEOLOGISKE
MENIGHETSAKULTET

IslamNet og muslimske ungdommar

Kva former for Islam er Facebookgruppa «Islamnett – misoppfatninger om Islam» med på å fremme i Norge i dag?

Namn: Vegard Nedrelid

Rettleiar: Førsteamanuensis Trine Anker

Masteroppgåva er gjennomført som ledd i utdanninga ved

Det teologiske Menighetsfakultet og er godkjent som del av denne utdanninga.

Det teologiske Menighetsfakultet, [2014, haust]

AVH5050, Avhandling Lektorprogram i RLE/religion og etikk og samfunnsfag og 30 ECTS

Studieprogram [5-årige masterprogrammer – RLE/Religion og etikk og samfunnsfag]

Og Allah vet best.

- Fahad Quereshi

Innhold

Innhold	2
1. Innleiing	4
1.1. Problemstilling.....	6
1.2. Disposisjon.....	6
1.3. Metode	6
1.3.1. Ein kvalitativ metode.....	8
1.3.2. Idé- og ideologianalyse.....	9
1.3.3. Anonymitet.....	10
TEORETISKE PERSPEKTIV	11
2. Islam i møte med vesten og vica versa.....	11
2.1. Muslimske identitet og kultur	11
2.1.1. Neo-etnisitet:.....	16
3. IslamNet	17
3.1. Eit ungdomsopprør.....	17
3.2. Salafismen	19
3.3. Ei konservativ bølge over landet	20
3.4. Dawa.....	24
PRESENTASJON AV MATERIALET.....	27
4. IslamNet på Facebook	27
4.1. IslamNet og kuffar.	28
4.1.1. Media si handtering av konflikter.....	29
4.1.2. Samvær med ikkje-muslimar	32
4.1.3. Andre islamske retningar som kuffar.	35
4.2. IslamNet sitt forhold til etikk og moral.	37
4.2.1. IslamNet og Sharia.....	38
4.2.2. IslamNet og kvinnesyn.....	40
4.2.3. IslamNet og sensur	42
DRØFTING.....	44
5. Korleis definerer IslamNet Islam i Noreg i dag.....	44
5.1. Framandgjerding og mistenkeliggjering	45
5.2. Kven er gruppa for?	46
5.2.1. Islam for unge	47
5.2.2. Valfridom	48
5.2.3. Ein neo-etnisitet	49
5.2.4. Autoritære moderatorar	51

5.3.	Kva holdningar representerer IslamNet.....	52
5.4.	Kva former for islam dannar IslamNet	53
5.4.1.	Skaper IslamNet intoleranse i det muslimske miljøet?	54
5.4.2.	Islam vs. resten.....	56
6.	Avslutning.....	59
	Litteraturliste.....	61

1. Innleiing

For nokre veker sidan las eg ein artikkel i tidskriftet Morgenbladet som handla om unge muslimar på nett¹. Denne artikkelen tok opp tematikken om at unge muslimar vel ei meir konservativ retning innanfor Islam enn sine foreldre. Det er kanskje vanleg å tenkje seg at i eit ungdomsopprør blir ein meir radikal og mindre opptatt av normer og reglar. Likevel er det kanskje ikkje så uvanlig at unge også trekker i ei meir konservativ retning, berre tenk på korleis Høgre vann skulevala under sist valperiode.

Ei muslimsk forum som etterkvart har blitt svært populær på Facebook er *IslamNet – misoppfatninger om Islam*. Forumet er oppretta av ungdomsorganisasjonen, IslamNet. Etter mi vurdering er det mykje som tyder på at denne organisasjonen følgjer ei konservativ retning innanfor sunni-islam som heiter salafisme. Salafismen er ei moderne reform av sunni-islam, der en forsøker å gå tilbake til en bokstavelig tolking av Koranen og Hadith. Sjølv har eg fått tilgang til gruppa på Facebook. Dette er eit diskusjonsforum litt utanom det vanlege, medlemmane skal ikkje diskutere spørsmål innanfor islam. Gruppemedlemmane må trå varsamt, alt som blir skrive skal eigentleg ha kjelder til Koranen eller Hadith, men talar frå ein skriftlærd eller ein predikant kan også vere ei gyldig kjelde. Eg ser også at dei fleste spørsmåla som blir stilt på gruppa handlar om regler og normer i kvardagslivet, til dømes om det er lov å ha bilete av seg sjølv på Facebook, om ein kan bruke sminke eller korleis ein skal te seg i ein sekulær norsk kvardag. Forumet tek også får seg større spørsmål, slik som deira si rolle i eit vestleg demokrati og korleis samfunnet rundt ser på dei som muslimar. I arbeidet med denne masteren har fleire spurt meg om kva eg skriv om. Når eg fortel folk at eg skriv om IslamNet, som er ein konservativ organisasjon, er det mange som stiller spørsmål vidare om eg då skriv om ekstreme muslimar som reiser til Syria. Det er viktig å hugse på at å vere ein konservativ muslim ikkje er det same som å vere ein ekstrem muslim.

I ein kronikk i Aftenposten tek forskar på innvandring, fleirkultur og islam, Olav Elgvin, for seg islam i møte med ein ny kultur² Der trekk han døme frå Hollywood blockbusteren X-men, og korleis mutantane opplever eit møte med samfunnet rundt seg. Samfunnet reagerer med frykt og skeptisismen ovanfor mutantane. Dei er annleis og ukjende. Nokre av mutantane vil då gjer alt for at samfunnet skal oppleve dei som gode, og at dei er trygge amerikanske statsborgarar. Dei andre igjen vender seg mot samfunnet, fordi dei trur at samfunnet uansett

¹ http://morgenbladet.no/samfunn/2014/den_salafistiske_vekkelsen#.VKmp-iuG_YE

² <http://www.aftenposten.no/meninger/kronikker/Kronikk-Muslimene--vart-samfunns-X-MEN-7701163.html>

kjem til å angripe dei til slutt, og på denne måten går dei i kamp mot menneska i samfunnet. Etter 2000 og 11 september retta fokuset seg verkeleg mot islam, no vart muslimane ikkje berre nokon som hadde ein annan religion, men det var også ein fiende av vestlege verdiar. Folk blei skeptiske til muslimar? Er muslimar for eller mot demokratiet? Støtta dei terrorhandlingane i USA og så vidare?

Det var to tendensar som blei avgjerande i dei muslimske miljøa, seier Olav Elgvin, Den store delen reagerer som dei gode mutantane i X-men, dei vil vise samfunnet at dei tek avstand frå terror og hat, og opptreer offentleg som gode norske borgarar. Til dømes Faten-Al-Husseini, som var initiativtakar til protesten mot IS i august 2014. Ho var lei av å møte skepsis hjå befolkninga, og ville ikkje at hennar yngre søsken skulle oppleve det same. Difor valte ho og vise at ho er muslim, men også tilhengar av demokrati og liberale verdiar. Vi ser at i det norske samfunnet har vi ei stor gruppe muslimar som tek ei liberal retning, og ei anna gruppe som går ein meir fundamentalistisk veg, og blir meir konservative. Det betyr ikkje at dei som blir meir fundamentale er noko farlegare eller framandgjorte enn dei liberale. Den fundamentalistiske retninga fungerer som motreaksjon mot dei meir liberale muslimane. Den andre tendensen er dei som gir storsamfunnet fingeren, og som vel å gå til kamp mot vesten, for dei blir alt som er vestleg fienden og mange blir ekstreme i sine ord og handlingar. Dette er den gruppa som blir fasinert av jihad og IS, i Noreg er det klaraste eksempelet salafi-jihadist gruppa Profetens Ummah.

Då bomba small i Oslo 22 juli, frykta mange muslimar at dette var terroristar som brukte islam som bakgrunn for terror. Som vi veit var det ikkje ein «muslimsk» terrorist som sto bak angrepet, men ein av Noregs «eigne». Ein som i tillegg meinte at han var kristen. Var det verkeleg ein kristen terrorist? Terroristen blei fort avvist som kristen. Ein kristen kunne ikkje gjer noko så grufullt, og i tillegg var han meir opptatt av å kjempe mot blant anna muslimar i Europa, enn å kjempe for kristendommen. Kristne kunne ikkje stå ansvarleg for ein stormannsgal mann sitt verk. Kristendommen får sjeldan eller aldri skulda for terror. Muslimar derimot må stå ansvarleg for terrorisme og galne menneske sine grufulle handlingar. Dei må gå ut i gata å protestere mot IS, for å vise at dei ikkje er terroristar. Ein katolsk erkebiskop i Italia gjekk nylig ut i italiensk media og sa at dersom muslimar ikkje går ut i samfunnet og tar tydeleg avstand til IS, så har dei ikkje noko i Italia å gjere. Muslimar får altså på denne måten ansvaret for det alle muslimar gjer i verda. Og dette, kan hende, er eit vanleg syn for mange menneske i Vest-Europa. Faten Al-Husseini får mykje skryt for å gå ut i

samfunnet og vise avstand til terrorisme. Då må ein spørje seg om kvifor Faten vert så populær? Muslimar i Europa har alltid våre dei andre

1.1. Problemstilling

I denne oppgåva vil eg altså sjå på kva former for islam Facebookgruppa «*Islamnet – misoppfatninger om Islam*» er med på å fremme i Norge i dag?

I avhandlinga vil eg sjå på korleis brukarane diskuterer spørsmål om etikk og moral. Eg vil sjå på korleis IslamNet påverkar unge muslimar. Eg vil finne ut kva som opptek desse unge muslimane, og korleis deira verdssyn er. Vidare vil eg sjå på korleis moderatorane av gruppa dannar sitt bilete av islam, og om dette er samsvarar med brukarane sitt eige bilete. Eg vil også sjå på kva slags konsekvensar denne forma har for samfunnet og for muslimar elles.

Fleire gonger i avhandlinga kjem eg til å nemne salafismen i forbindelse med IslamNet. Det er viktig å ta i betraktning at IslamNet ikkje bruker dette omgrepet om seg sjølve. Eg ønskjer å finne ut om vi har grunnlag for å kalle denne rørsla for salafistisk, og om brukarane på forumet tilhengjarar av salafismen.

1.2. Disposisjon

Oppgåva er delt opp i seks kapittel. Kapittel to og tre er reine teori-kapittel. Kapittel to tek for seg muslimsk identitet både i eit norsk og globalt perspektiv. I kapittel tre går eg nærmare inn på IslamNet som organisasjon. I kapittel fire presenterer eg materialet, det gjer eg utan å trekke inn teorien. Her vil eg berre trekke inn mine eigne observasjonar og tankar rundt funna mine. I kapittel fem drøfter eg funna mine i lys av teorien. Og i det siste kapittelet gjer eg ei oppsummering av mine funn.

1.3. Metode

Eg har valt å kalle «*Islamnet – misoppfatninger om Islam*» for både forum og ei gruppe. Dette kan kanskje vere forvirrande, men det er altså ei gruppe på Facebook som fungerer som forum. Eg brukar og konsekvent namnet IslamNet. IslamNet står for det islamske nettverk, men dei sjølve brukar IslamNet som forkorting.

I mitt arbeid med Facebookgruppa «Islamnet – misoppfatninger om Islam» har eg valt å gjere ei kvalitativ innhaldsanalyse³. Det er ei tekstanalyse der ein ikkje målar funna, men heller går inn å ser på ideane og argumentasjonen i teksten. I utgangspunktet har eg utført ei idé- og ideologianalyse. Altså vil eg gjennom teorien forsøke å avdekkje kva slags tankesystem ultrakonservative muslimar har. Vidare vil eg i denne analyseforma sjå på om dette tankesystemet stemmer overeins med brukarane av forumet sitt tankesystem. Ein idé er ein tankekonstruksjon som ber preg av stabilitet og kontinuitet. Altså er ein idé dei tankane avsendaren av teksten har om røynda. Desse ideane kan vere konsensus for ei større gruppe, men kan også kome i uttrykk i den enkelte person sitt livssyn. Ideologien er samlingane av desse ideane, og den blir altså konsensusen og normene for ei større gruppe⁴. I dette tilfellet kjem ideologien i uttrykk gjennom IslamNet si doktrine.

Eg har og våre innom ei form for argumentasjonsanalyse. I ein sånn type analyse ser eg først og fremst på kva argumentasjonen betyr for teksten eg analyserer. Denne argumentasjonsanalysen konsentrerer seg i utgangspunktet på logos, og ikkje på etos og patos. Altså beskriv eg korleis brukarane argumenterer, og kva slags følgjer dette har, utan å blande meg inn og kommentere om dette er gode eller dårlege argument. Dette er likevel ei sanning med modifikasjonar, då eg ofte beskriv kva slags følgjer retorikken i argumentasjonen har, og kvifor denne fungerer eller ikkje fungerer. Eg beskriv også kva slag konsekvensar ulike retoriske grep gjer for mottakaren av teksten, og på denne måten går eg litt bort frå argumentasjonsanalysen og ser meir på retorikken i teksten. I ei argumentasjonsanalyse vel eg ut dei beste argumenta, og vel å konsentrere meg om dei. Dette har eg berre gjort til ei viss grad, sidan eg for det meste har plukka ut innlegga på forumet vilkårleg. Det er og to ulike måtar eg vel å analyserer teksten på. Det første er at eg ser på korleis avsendaren vel å argumentere, det andre er at eg ser på korleis denne teksten blir tolka av mottakaren. Mottakaren er både meg sjølv, og dei brukarane som responderer til teksten. Det er viktig å nemne at argumentasjonsanalysen er først og fremst ein deskriptiv analyse som baserer seg på avsendaren sin logos. Eg kan likevel seie at eg har våre innom ei sånn type analyse då eg har søkt etter beviskraft i argumentasjonen. Det vil sei om argumentet styrkar (eller undergraver) eit bestemt standpunkt⁵. I dette tilfellet vil det til dømes seie om argumentasjonen til brukaren styrkar teorien sin påstand om IslamNet sin religiøse ståstad.

³ Bergström 2012:50

⁴ Bergström 2012:140

⁵ Bergström 2012:93

1.3.1. Ein kvalitativ metode

I dette arbeidet har eg altså sett på tekstane som er skrive av brukarane av forumet. Denne analysen har eg gjort over ei periode på ca. tre månadar, frå slutten av september til byrjinga av desember 2014. I mitt arbeid valte eg å følgje Bryman sin sekstrins kvalitative metode.⁶ Eg byrja analysen med forskingsspørsmålet om kva former for islam denne gruppa fremma i Noreg i dag. Eg brukte nettsida til IslamNet og Facebookgruppa som relevant sider for å finne dei tema som passa best for mitt forskingsspørsmål. Vidare valte eg dei diskusjonane på forumet som passa best for mi analyse, og så valte eg dei innlegga eg fann mest interessante. Deretter tolka eg materialet i lys av teorien. Når eg var ferdig med å finne relevante tema og data, så spesifiserte eg forskingsspørsmålet mitt til å gjelde to ulike aspekt ved IslamNet; det eine er deira forhold til vesten og det andre spørsmålet handla om deira syn på etikk og moral. Til slutt brukte eg materialet til å skrive ned mine funn og for å finne ein konklunksjon på mitt spørsmål.

Denne kvalitative metoden kan møte kritikk fordi eg som forskar vel ut kva som passer mitt forskingsspørsmål best, og luker ut andre aspekt ved materialet. På denne måten kan eg styre forskinga i den retninga eg sjølv vil. Slik kan forskinga bli lite truverdig, nettopp på grunn av at eg har utelatt for mange aspekt hjå brukarane på forumet. Likevel har eg prøvd å styre forskinga så lite som mogleg. Eg har ikkje blanda meg inn i diskusjonar, og heller ikkje valt ut det som passar meg best. Eg har beint fram sitte som ein passiv observatør og lest kva brukarane har skrive til kvarandre. I ei tre månadars periode har eg våre innom gruppa og valt ut det eg synast var interessant å analysere. Det skal igjen seiast at det er eg som har tolka teksten, og eg kan ha lagt meiningar i avsendaren sine tekstar, som han eller ho nødvendigvis ikkje kan stå for. Likevel er det opp til kvar enkelt lesar å tolke det som blir skrive i eit forum. Analysen er altså mi tolking av brukarane sine tekstar. På denne måten har eg følgd diskusjonen gjennom vestlege og kristne auger, samtidig som eg har prøvd å sjå teksten gjennom den observerte part sine auge. Likevel kan mine personlege holdningar ovanfor konservative muslimar spele ei rolle inn i mi forskning. Eg er ein del av ein annan kultur, og det er til dømes vanskeleg for meg å forstå kvifor nokon vil gå med niqab frivillig. Det er og umogleg for meg å vere objektiv, då eg alltid vil bere med meg subjektive og føredømande meiningar om muslimar.

⁶ Bryman 2012:386

1.3.2. Idé- og ideologianalyse

Eg har utført ei idé- og ideologianalyse. Dette er fordi eg vil undersøkje ideologiske aspekt ved debatten på forumet. Dette valte eg å gjere for å kunne finne kva slags former for islam denne gruppa dannar. Ei idé- og ideologianalyse blir brukt til å analysere kva slag ideologiar som kjem til uttrykk i teksten hjå sendaren⁷. I denne analysen ser eg på relasjonen mellom avsendar og ideologien til rørsla. Denne analysen avdekkjer kva type ideologi som kjem til syne i debatten på forumet. Dette er ein hermeneutisk tilnærming av teksten. Denne tolkinga blir gjort for å finne den heile meininga med teksten som blir skriva, altså meininga til den som skriv teksten⁸ Etter kvart har denne tolkinga utvikla seg til å også verte assosiert med empati; det betyr at når eg nærmar meg teksten så må eg leve meg inn i den handlande(skrivaren) sin situasjon. Når ein nærmar seg teksten på denne måten prøver ein å forstå den konteksten forfattaren opererer i, for på den måten forstå innhaldet i teksten⁹. I dette tilfellet må eg til dømes forstå situasjonen for unge konservative muslimar i Noreg i dag. Denne empatien inneber også at eg forsøker å forstå den handlande sitt mentale univers, kvifor den som skriv tenkjer på denne måten. For meg som forskar bør eg nesten forstå den handlande sine tankar betre enn kva han eller ho ville ha gjort sjølv.¹⁰

Funna knyt eg opp til det eg allereie veit om islamske idear og ideologi. Ulike spørsmål forskaren leitar etter i ein sånn type analyse kan til dømes vere avsendaren sitt syn på menneske, verden, samfunnet eller den styrande makta.¹¹ Altså går eg inn i teksten å leiter etter idealtypar om korleis konservative muslimar sitt livssyn er. Desse idealtypane gir utgangspunktet til analysen. Idealtypane tar eg med meg vidare i analysen, og ser om brukarane sine idear stemmer med idealtypane sine idear. Ved hjelp idealtypen kan ein sjå på kva haldningar og meiningar som stemmer med ultrakonservativ islam, og kva meiningar og haldningar som ikkje kan klassifiserast som ultrakonservativ islam. Kritikken til denne analysen er at det er eg som tolkar teksten, og det er ein fare for at den som tolkar legg sine egne idear inn i teksten, og får det til å passe med ideologien ein har funne i teorien.

⁷ Bergström 2012:172

⁸ Alvesson 2008:193

⁹ Alvesson 2008:195

¹⁰ Alvesson 2008:195

¹¹ Bergström 2012:151

1.3.3. Anonymitet

Eg har valt å gjere brukarane på forumet anonyme på grunn av at dei ikkje veit at dei blir observert. Eg forsvarar dette forskningsetisk med at forumet i utgangspunkt er opent, kven som helst kan melde seg inn og lese kva som står på forumet. Eg har og spurt Fahad Quereshi om eg kunne bruke forumet som utgangspunkt i mitt arbeid med RLE-studiet.

Alle brukarane blir kalla B og nummerert etter kvart som dei dukkar opp i materialet. Eg bruker også bokstaven k når det er ei kvinne og m når det er ein mann, desse bokstavane bruker eg berre når eg finn det nødvendig å presisere kjønnet til brukarane. Eg har gjort eit unntak med Fahad Quereshi, han er ein offentleg person, og det kan vere interessant for analysen at han blir framstilt med sitt fulle namn.

Eg har valt å kalle dei som skriv på forumet for brukarar. Brukarane er altså dei som er aktive på forumet, mens medlemmane er alle dei som er passive, og som eg ikkje har moglegheit for å observere.

TEORETISKE PERSPEKTIV

2. Islam i møte med vesten og vica versa.

I dette kapitlet skal vi sjå på korleis muslimar møter ein ny kultur. Eg tek for meg teori om korleis det er å bere ein muslimsk identitet i eit vestleg land. Eg kjem til å særleg legge vekt på ungdomsidentitet. Vi kjem til å sjå på korleis unge muslimar praktiserer sin religion, og korleis dei skaper sin eigen religiøse identitet.

2.1. Muslimsk identitet og kultur

Dei fleste av muslimane i Norge har røter til land som i større eller mindre grad har muslimske lover. I 2008 var dei største muslimske innvandrargruppene frå Pakistan, Irak, Somalia, Bosnia og Iran.¹² I Noreg må og vil dei fleste muslimane følge norske lover. I tillegg følger mange også muslimske lover, som for eksempel bruk av hijab og forbod mot å ete mat som er haram og liknande. Mange muslimar føler at dei er ein del av eit større fellesskap, ein såkalla religiøs ummah. På denne måten lever muslimane som nordmenn og følger dei lover og normer som samfunnet gir, samtidig som dei er ein del av ei global verdsordning. Islam er ein altomfattande religion, det vil seie at religionen pregar heile livet. Det er vanleg for mange muslimar å følge muslimske normer og reglar både i den heilage sfæren og den profane sfæren.

Det å ha ein muslimsk identitet og vere frå ein muslimsk kultur er svært komplekst og lite homogent. Moskear i landet kan vere ein stad der immigrantar finn sine subkulturar. I moskeen finn ein menneske med lik religiøs identitet og ofte same kulturell bakgrunn. Medlemmane i moskeane har ofte ein felles religiøs identitet, og samtidig kan dei trekke mot

¹² Vogt 2008:10

ein felles nasjonal identitet. Andre møtestadar kan vere i studentgrupper, nabolag, hjå familiar og liknande.

Islam har opphavet frå eit bestemt område, men den høyrer eigentleg ikkje til nokon gitt kultur, då religionen blir praktisert forskjellig i heile verda. Difor er ikkje ein muslimsk identitet gitt av ein kultur når den blir praktisert eit nytt land. Olivier Roy snakkar då om at det skjer ein avkulturalisering av religionen. Dette skjer fordi muslimane møter eit nytt type samfunn, og blir i større eller mindre grad ein integrert del av det.¹³ Islam blir på denne måten reformulert i møte med den nye europeiske kulturen. Det betyr ikkje nødvendigvis at religionen blir vestleggjort eller meir liberal, det kan også skje ved ei aukande grad av puritanisme innanfor religionen. Regler og normer blir viktige for dei som følger den religiøse retninga, og vi snakkar om at det er religiøsitet som endrar seg og kanskje ikkje i så stor grad religionen. Muslimar kan også bli meir opptatte av å trekke linjer tilbake til det originale og tradisjonelle.

Livsfortellingane frå førstegenerasjons muslimske innvandrarak til Noreg har spelt ei avgjerande rolle i å skape deira born sine fleirkulturelle identitetar. Den yngre generasjonen har vokse opp med ulike sett historier og verdiar som blir fletta inn i kvarandre. Dei har internalisert foreldre og besteforeldre sine minner, og dei historiske, politiske og sosioøkonomiske grunnane til at dei emigrerte frå det heimlandet. Samstundes har dei assimilert den gjeldande kulturen i det nye heimlandet.¹⁴ Dei muslimane som først kom til Noreg tok med seg tradisjonar og religiøse ritual til det nye landet. Mykje av det religiøse var munnleg tradisjon, og er det vi kallar for folkereligiøsitet. Dei nye innvandrarakane hadde altså med seg ein munnleg religion som var kulturelt forankra. Ritual som høyrer til deira kultur heimanfrå blir ofte forkasta og gløymt når den møter ein annan kultur, og den går frå den offentlege sværa til den private. Tradisjonane blir altså forandra og privatisert i det nye landet. Dette gjer at ein del av muslimane i Noreg kan ha ei mykje større valfriheit enn dei ville ha hatt i heimlandet, men det kjem sjølvsagt ann på kva land dei kjem frå. Dei fleste muslimar i Noreg kan velje sitt eige trussamfunn, dei kan bytte trussamfunn eller opprette nye. At religionen har gått frå å vere offentlig til privat har gjort at ein har større moglegheiter til å definere si eiga tru. Mange muslimske statar har ei mykje større overvaking av religionen, og samfunnet har religiøse dogmer som også er stadfesta i dei nasjonale lovene.

¹³ Roy 2004:120

¹⁴ Naguib 2002:356

Unge norske muslimar som har gått gjennom ein 10-årig grunnskule, og vidare på vidaregåande skule har ikkje same referanserammer som sine foreldre og besteforeldre. Dei foreinar ulike læresystem og overfører den til si eiga forståing. Denne forståinga blir skapt av ei syntese av kulturell religion, bokleg islamsk lære og ein sekulær kvardag. Mange unge søker i tillegg forståing av sin religion gjennom bøker og på internett. Ein av grunnane til at bøker og internett blir populært, er at dei unge ikkje kjenner seg att i det imamen i moskeen snakkar om. Ein annan grunn er at dei ikkje forstår språket eller referanseramma hans.

Naguib har gjennom samtalar med unge muslimar kome fram til at det er mange som er kritiske ovanfor importerte imamar. Dei meiner at imamane er uvitande om lokale forhold, språk og mentalitet. Dei blir sett på som gamaldagse, særleg når det gjeld kvinnespørsmål og kjønnsroller¹⁵ Dei unge kvinnene, som Naguib samtala, med var frustrerte og såg på imamen som noko fjernt frå deira eiga røynd. Ho seier vidare at Islam har blitt feminisert i Noreg, og dette ser vi også i dag, når vi ser sterke muslimske kvinnelege røyster går ut å talar om Islam. Ho meiner at mange unge muslimar i Noreg ønskjer eit meir liberalt islam, med økt fokus på kvinner sine rettar.

Muslimar i Noreg i dag er ein del av eit samfunn som brukar internett til det aller meste. Og i dag fins Koranen både på nett og i forskjellige applikasjonar. Det fins blant anna forskjellige bønneapplikasjonar som du kan få til både telefon og nettbrett. I tillegg florerer det av muslimske forum på internett. Denne teknologien gjer at ein kan sitte i Noreg og lytte til skriftlærde og imamar frå Egypt, Saudi-Arabia, USA osv. Dette har gjort at ein del av det ungdommar lærer om islam kjem frå andre kjelder enn det som før har våre vanleg. Unge muslimar i Norge får i dag innspel frå ulike trusretningar, og kan på denne måten sjølv velje kva og kven ein vil lytte til. Dette gjer at dei har eit mykje større rom for å velje si eiga doktrine og si eiga tolking av islam. Tradisjonelt har dette våre teologen og ulamas(les: skriftlærde) sitt monopol.¹⁶ På internett er ikkje den religiøse kunnskapen gitt vertikalt frå lærar til student, men den spreier seg horisontalt. Idear og tolkingar kryssar kvarandre, og over landegrenser. Vidare gjer internett at språket blir homogenisert, og på denne måten har lese- og skrivetradisjonane i islam blitt forandra. Språket har blitt standardisert til engelsk over store delar av internett, slik at budskapet kan spreiest til alle menneske. Sjølv om teksten har blitt digitalisert, er Koranen fortsatt like heilag om den er på nett eller om den er mellom

¹⁵ Naguib 2002:358

¹⁶ Naguib 2002:359

to permar. På denne måten kan det kulturelle islam bli litt viska ut, og ein får ein mykje meir personleg definisjon av islam, og då særleg i vesten.

Vi såg nettopp at fleire unge muslimar får impulsar frå blant anna saudi-arabiske lærde. Elles i Europa har det våre vanleg at muslimske aktørar frå dette området støttar muslimske trussamfunn. Ein av grunnane til at dei gjer det er for å etablere si trusretning i landet dei har sine interesser. I Noreg har berre unntaksvis saudi-arabiske aktørar finansierte moskear i kultursentre, som til dømes ein del av Rabita-moskeen. Det Saudi-arabiske regimet har våre mindre synleg i dette landet enn andre større europeiske land. Dette har vore eit resultat av norsk politikk, Stoltenberg 2 regjeringa stoppa saudi-arabiske forretningsmenn sine planar om å delfinansiere Alnor og Tawfiiqs moske-prosjekt i Tromsø og Oslo. Grunnen til at regjeringa bestemte dette var at dei meina at det mangla religionsfridom i Saudi.Arabia.¹⁷ Likevel har saudi-arabisk misjon fått rotfeste i fleire norske moskear og organisasjonar, gjennom oversetting av dawa-litteratur og videoopptak med engelsk tekst. Dette skal vi sjå meir på i seinare kapitel.

Muslimske miljø kan oppleve ein sånn type kritikk som dei fikk frå Stoltenberg 2 regjeringa både frå offentlege og private personar. Religionskritikken har lenge tatt ein stor plass i det politiske miljøet i landet. Mange politikarar har gått hardt ut mot muslimar og islam. Til tider har religionskritikken våre så hard i sin retorikk at den har bevega seg meir mot ei form for rasisme. Kritikken har gått ut på at islam er ein trussel mot norske verdiar og kristen kulturarv. Dette kjem som ein effekt av eurabia-litteraturen, som er ein konspiratorisk teori om at islam sakte men sikkert kjem til å ta over Europa. Både meir seriøse kritikarar av islam og rasistar har blitt kalla islamofobar. Mattias Gardell definerer islamofobi på denne måten: *«Sosialt reproduserte fordommar om og aversjonar mot islam og muslimar, samt handlingar og praksis som angrip, ekskluderer og diskriminerer menneske på bakgrunn av at dei er, eller blir antatt for å vere muslimar, og assosierast med islam»*.¹⁸ Islamofobar ser oftast på muslimar som nokon som handlar og tenkjer på ein spesiell måte. Islamofobi er ein del av eit kunnskapsregime der ein antar at det fins ein rekkje sanningar om muslimar. Det som blir sagt om muslimar er noko islamofoben de facto veit, og dermed blir dette ei universell sanning. Sosiologen Ali Rattansi peiker på at islamofobi ikkje nødvendigvis er rasistisk, men at den kan ha relativt sterke eller harde rasistiske former. På denne måten blir islamofobien aldri ein stuerein kritikk av religion. Heine Bielefeldt, som er ein tysk menneskerettsekspert,

¹⁷ Linge 2013:4

¹⁸ Bangstad 2011:250

seier dette: «Ingen tvil om at den harde kjernen i islamofobien er rasistisk. I dagens samfunn uttrykkes antipatier mot utlendinger eller folk som ser annerledes ut som religionskritikk, nettopp fordi den derved fremstår som mer spiselig for folk i det politiske sentrum, og for venstreliberalere¹⁹.

På den andre sida blir omgrepet islamofobi brukt av muslimar for å stigmatisere ein kvar kritikk av islam. Dette kan vere med på å auke eit internt konformitetspress blant muslimar sjølve. Både muslimar og utanforståande kan bli kalla islamofobar, sjølv om dei kjem med sakleg og kanskje viktig kritikk av religionen. Dette er ein form ein hersketeknikk som gjer at ein ikkje kan delta i den offentlege debatten utan å bli stempla som rasist. IslamNet har som sin agenda å mobilisere mot islamofobar. Det er likevel viktig å presisere at IslamNet ofte bruker islam-frykt som eit retorisk grep, og karakterisera alle sine ikkje-muslimske kritikarar som islamofobe. Etter HiOA sitt avslag på IslamNet sin søknad om å registrere organisasjonen som ei studentforeining, blei lærestaden stempla som ein «fiende av islam» på organisasjonen sine offentlige nettsider.²⁰

Dersom en ikkje tør å kome med sakleg kritikk mot islam opnar ein får at enkelte grupper får sterk påverknadskraft. På denne måten kan bestemte tolkingar i islam unngå å møte kritikk på til dømes brot på menneskerettar og diskriminering. Dei seriøse kritikarane vegrar seg med å sjå kritisk på dei negative tendensane innanfor den religiøse gruppa. Islamofobar kan støtte seg til retten til å «tørre» å ta debatten, utan å ha nok kunnskap om det dei uttalar seg om. Konklusjonen er nok at fleire islamofobar enn seriøse aktørar tek på seg ansvaret for å kritisere religionen.

Religionskritikken i Noreg har ofte retta seg mot islam som ei heilheit. Stråmenn blir konstruert i form av uriktige påstandar, analogiar og karakteristikkar.²¹ Moderne vestleg orientalisme er i stor grad bygga på førestillinga om at islam er en trussel mot ideala om fridom, respekt for individet og vern om grunnleggande menneskerettar. Islam blir midlertidig prega av eit stort mangfald av retninga og oppfatningar, og reformvenleg tolkingar er i sterk framgang i heile den muslimske verda. Krav om demokrati og respekt for individet sine grunnleggjande rettår står sentralt, dette inneber også retten til å ytre seg fritt. Dei fleste norske muslimar er som folk flest opptatt av sine rettår og plikter, dei stemmer under vala, fleire engasjerer seg i politikken, gjer militær teneste, utdannar seg, får seg jobb og betalar

¹⁹ Bangstad 2011:253

²⁰ Linge 2013:6

²¹ Bangstad 2011:258

skatt. Muslimar er ein del av det norske folket, og er som nordmenn flest lojale til samfunnet. Dei fleste muslimar i Noreg er norske statsborgarar, og ikkje innvandrarakar. Muslimar er ikkje gjestar i samfunnet, men ein del av det norske fellesskapet

2.1.1. Neo-etnisitet:

Ofte når ein talar om muslimar i Noreg talar ein som om dei var ei etnisk gruppe. Muslimane i Noreg er frå ulike etnisitetar og kulturar, og kan derfor ikkje sjåast på som ei homogen gruppe berre fordi dei har ein felles religion. Olivier Roy bruker neo-etnisitet som namn på at ei eller anna gruppe blir sett på, eller ser på seg sjølv som ei etnisk gruppe, sjølv om ho ikkje er det²². Denne gruppa blir ikkje definert utifrå hudfarge, språk eller felles kultur, men utifrå at dei høyrer til noko som er noko anna enn det å vere vestleg. I vestlege land blir det til dømes tala om kvit og ikkje-kvit som om det var to etniske grupper, same gjeld muslim og ikkje-muslim. Vestlege menneske kan ofte sjå på muslimar som ei type religiøs gruppe, utan å ta for seg andre faktorar som religiøs praksis og personleg tru. På denne måten kallar ein eigentleg nokre muslimar for ikkje-truande muslimar. Elles i Europa dreg vi klare skilje mellom kristne. I Noreg veit vi at vi har kristne som går i kyrkja, mens mange er kulturelt kristne og det at dei er døypt betyr ikkje at dei har ei personleg tru, samtidig har vi også ein viss kontroll over kven som er lutheranera, katolske eller ortodokse.

Det er ikkje berre i vesten og frå eit utanfråperspektiv ein definerer muslimar som ein etnisitet. Mange muslimar sjølve vil finne fram til ein felles islamsk kultur. På denne måten blir lettare å søke ein identitet som muslim. Muhammad Anwar, ein kjend salafist, seier at andre- og tredjegerasjonsinnvandrarakar i Storbritannia treng eit religiøst lokalsamfunn i møte med majoritetskulturen. Altså born som ikkje er født og oppvaksne i heimlandet til dei første muslimske innvandrarakane treng å vere ein del av ein muslimsk kultur i det nye landet.²³ Han er redd for at det som er ekte i islam blir utvaska i møte med den nye kulturen, i verste fall bortevekk. Muslimar må halde saman for å halde fast på sin identitet og sin religion. Muslimar må skape sin eigen identitet i møte med den vestlege identiteten. Altså er ideen om neo-etnisitet at muslimske verdiar er justerte etter tradisjonelle sosiologiske mønstre som overlever immigrasjon. Denne tanken er med på å bygge opp under ideen om ein eigen muslimsk kultur eller muslimar som ei etnisk gruppe. Olivier Roy dreg fram eit britisk

²² Roy 2004:124

²³ Roy 2004:128

nabolag som døme på korleis slike verdiar blir ein del av eit sosialt mønster. På slutten av 90-tallet utvikla det seg eit sosialt press i muslimske nabolag, muslimane som levde der blei meir homogene og meir opptatt av tradisjonelle verdiar, sjølv om dei kanskje ikkje har hatt dei verdiane i heimlandet. Immigrantane fekk då ein felles verdsett utifrå lokalsamfunnet dei no levde i. Dette var verdiar som arrangert ekteskap og endogami²⁴, meir respekt for religiøse høgtider som ramadan fasta og at fleire unge kvinner tek på seg hijaben.

Til oppsummring så betyr altså neo-etnisitet at muslimar «ber» ein felles muslimsk identitet. Muslimane er ikkje nødvendigvis personleg truande, det er nok at ein har opphav frå eit muslimsk land for å bli kalla muslim. Folk som konverterer er ikkje nødvendigvis frå denne muslimsk kulturen sjølv om dei har blitt muslimar. Denne kulturen består av ei rekke felles normer og verdiar, som for eksempel sedelege prinsipp som hijab, forbod mot å ete svin og at ein gifter seg med andre muslimar. På denne måten blir muslimar ei etnisk gruppe i landet, uansett personleg tru eller ei. I følgje Anwar er dette viktig for at islam skal overleve i møte med ein vestleg kultur. I Noreg er IslamNet opptatt av nokre av dei same aspekta. I neste kapittel skal vi sjå nærmare på denne organisasjonen.

3. IslamNet

I dette kapitlet skal vi sjå litt på IslamNet som organisasjon. Vi kjem til å sjå på framveksten av organisasjonen, og kva dei er opptatt av i sitt paradigme. Vidare skal vi sjå på korleis IslamNet har hatt påverknad i det muslimske miljøet i Noreg, og samfunnet elles.

3.1. Eit ungdomsopprør

Den apologetiske stilens appell blant unge muslimar i Noreg kan sjåast i lys av eit paradigmeskifte i innvandringspolitikken. Arbeidsinnvandrarane på 70-talet blei definert av deira etnisk bakgrunn, mens utover 90-talet blei etterkommarane av desse immigrantane meir og meir sett på som innvandrarar med ein felles muslimsk identitet. Både islamsk vekking, debatt i norsk offentlegheit og behov for å skape ein muslimsk identitet har gjort at mange unge har sett på seg sjølv som muslimar. Til dømes protesterte meir enn 3000 muslimar i gatene i Oslo mot Salman Rushdies *Sataniske Vers* i 1989. Og det var under dette

²⁴ Endogamy er ein skikk der ein gifter seg berre innanfor grensene til lokalsamfunnet, stammen eller klanen(<http://en.wikipedia.org/wiki/Endogamy>).

paradigmeskiftet at muslimsk ungdom definerte seg sjølve i det norske muslimske landskapet.²⁵ Norges første muslimske ungdomsorganisasjonar: Muslimsk Studentersamfunn og Norsk Muslimsk Ungdom vart danna på midten av 1990-talet. Ungdommane fant seg ikkje til rette i foreldra sine etniske moskear eller i det stadig meir islamsk-kritiske norske samfunnet. I motsetning til moskeane klarte desse ungdomsorganisasjonane å samle muslimar med ulik etnisk bakgrunn. Ei sentral målsetning for ungdomsorganisasjonane var å motarbeide den diskrimineringa mange unge muslimar følte seg utsatt for.²⁶ IslamNet overtok etter kvart mykje av den rolla som den muslimske organisasjonen som skulle forsvare islam i det offentlege rom. Tidlegare hadde Muslimsk Studentersamfunn monopol på dette forsvaret, men IslamNet som synast at dei hadde tatt ein altfor liberal retning tok no meir over denne rolla. Dette kan vi blant anna sjå på kor aktive talsmenn for denne gruppa er i media i dag, mens Muslimsk Studentersamfunn er mykje meir anonyme.

Etableringa av IslamNet i 2008 fell saman med fenomenet som har blitt kalla den unge konservative bølga, ei brei konservativ vekking blant unge norske muslimar, både innanfor sunni og shia islam. Opprettinga av Den Islamske Ungdomsorganisasjonen i 2007, IslamNet i 2008, al-Hidayah i 2009 og Profetens Ummah i 2012 har gitt ein indikasjon på når vekkinga tok form og på kva slags måte den representera noko nytt i det norske muslimske landskapet, Vekkinga kan i større grad, enn det som var tilfellet på 1990-talet, sjåast på som eit ungdomsopprør. Særlig al-Hidayah har demonstrert openlyst i gatene mot til dømes Muhammed-karikaturen, dette er aktivistar som tre år seinare danna den enda meir radikale gruppa Profetens Ummah. IslamNet sjølve fordømte denne demonstrasjonen, men har tatt i bruk opptak frå den same demonstrasjonen i ein av sine rekrutteringsvideoar.²⁷ Grunnen til eit ungdomsopprør kan vere mange, studie frå Tyskland²⁸ og Nederland²⁹ viser blant anna at det er den aukande grada av frykt for islam som har gitt salafismen ein ny agenda. IslamNet har hatt som ein viktig del av sitt arbeid å mobilisere mot nasjonale og internasjonale islamofobar som Hege Storhaug og Geert Wilders.

²⁵ Linge 2013:5

²⁶ Linge 2013:5.

²⁷ Linge 2013:5

²⁸ Linge 2013:6

²⁹ Linge 2013:6

3.2. Salafismen

Det blei nemnt så vidt i førre kapitel at IslamNet følgjer ei retning innanfor islam som blir kalla for salafismen. Eg har enno ikkje sett nokon direkte utsegn om at dei sjølv har kalla seg for salafistar. Det er likevel mange teoriar om at IslamNet føretrekk denne retninga.

Konservative muslimar er noko mange menneske i det norske samfunnet er skeptiske til. Salafismen er ei konservativ retning innanfor islam, men kva trur eigentleg ein muslim som følgjer denne retninga på? Salafi er ei pietistisk rørsle med røter i wah-habi-miljø på den arabiske halvøya. Dette er eit svært rikt område i Midtøsten, og rørsla har dratt godt nytte av oljepengane. Fleire misjonsskular har blitt starta i Saudi-Arabia og Golfen. Salafi er ei rørsle som baserer seg på ei bokstavtru tolking av Koranen og profetens Sunna. Dei tre første generasjonar muslimar representera ei absolutt norm for tru og rettspraksis. Kari Vogt går hardt ut mot rørsla og seier at det er i slike marginale aktivist-miljø at isolasjon til storsamfunnet blir grunna læremessig.³⁰ Dette er ei form dogmatisk puritanisme som impliserer ei svært intolerant haldning ovanfor sufi- og særleg shia orienterte muslimar.

Salafismen kan klassifiserast som ei form for islamisme. Den er ikkje einskapleg eller eit eintydig fenomen. Det som midlertidig er felles for alle religiøse rørsler med tilknytning til salafismen er at dei meiner at alle muslimar må vende tilbake til dei islamske grunnlagstekstane, nemleg Koranen og Profetens Sunna. Salafistar er orientert utifrå eit ideal som vært representert av Profeten sjølv og hans «rettruande» etterfølgjarar (al-salaf al-salih), derav nemninga salafisme.³¹ Rørsler som kan nemnast som salafi-orienterte viser ofte til saudi-arabiske predikantar og religiøse skriftlærde som autoritative kjelder. Dei fleste salafi-orienterte rørsle ser på shia-muslimar som kuffar, altså heidningar. Salafismen er midlertidig mykje meir opptatt av religiøs praksis og doktrine enn i islamismen. Salafismen blir ofte omtalt som ei «ny-fundamentalistisk» rørsle. «Ny» fordi moderne salafisme vil stå fram som ein religion som er universalistisk, autentisk og heva over lokal kultur, og dermed blir salafismen sett på som eit globalt fenomen.³² Det skal seiast at salafismen er ein liten minoritet blant verdas muslimar, men den er likevel utbredt i alle verdsdelar, så då er kanskje ikkje påstanden om at salafismen som eit globalt fenomen så langt frå sanninga.

Salafi-idealet har djupe førmoderne røter, men det var først i andre halvdel av det 20. århundre at salafismen blei eit globalt fenomen. Det var det saudi-arabiske kongehuset som

³⁰ Vogt 2008:274

³¹ Bangstad 2013:260

³² Linge 2013:1

tok initiativ til ein global islamiseringspolitikk. Denne politikken innebar blant anna motarbeiding av Gamal Abdel Nasser sin pan-arabiske sosialisme, finansiering av jihad mot den sovjetiske invasjonen i Afghanistan og å finansiere eit transnasjonalt dawa-nettverk. Og det viktigaste der er Universitet i Medina, der blant anna IslamNet tek mykje av si lære frå. Salafismen har alltid våre eit motsvar til shia-islam, og dei har eit sterkt motsetningsforhold til kvarandre, dette er blant anna på grunn av rivaliseringa mellom Saudi-Arabia og Iran. Salafismen har blitt sett på som ei misjonerande og apolistisk rørsle, og i motsetning til andre islamistar er dei svært lite opptatt av politisk makt, men dei ønskjer likevel ei radikal endring i samfunnet. Denne endringa kan minne meir som ein reformasjon, på linje med lekmanrørsle i Noreg på byrjinga av 1900-talet, enn at staten skal kunne definere religionen gjennom makt. Salafismen kan forenklast delast inn i tre delar; den misjonerande, politiske eller militante rørsle. IslamNet er i utgangspunktet skeptisk til politisk deltaking og dei fordømmer klart vold. Dette er først og fremst ei misjonerande form for salafismen, altså den puritanske salafismen. Salafismen har ein fundamentalistisk apologetikk som blir spreidd gjennom bøker, satellitt tv og internett. Dette er ein apologetikk som inneber at ein beviser at islam er ein rasjonell og logisk religion. Ein god grunn til at salafismen har blitt så populær i vesten er at den tek for seg ein identitetspolitikk, det å følgje islam er noko sant og ekte, dette passar ypparleg til ei gruppe som har våre sterkt marginalisert i Europa gjennom lang tid. Gjennom kommersielle media spreiar salafismen sitt budskap til menneske i vesten. Denne kommersielle forma for dawa har blitt ein sterkare motstandar til den kristne misjonen. Kristne og muslimske telepredikantar har kjempa for å vinne diskusjonar gjennom god retorikk og gjennomtenkte argument. Legpredikanten Zaik Naik var særleg oppatt av å vere ein motpol til populiseringa av clash of civilization paradigmet i kjølevatnet av 11. september. Naik presenterte dawa som eit middel til å oppklara misforståinga om islam.³³ Følgjene av at denne forma for fundamental islam har appellert til mange unge muslimar har gjort at vi har fått ei slags konservativ bølge i Noreg. Dette skal vi sjå meir på i neste kapitel.

3.3. Ei konservativ bølge over landet

Den konservative bølga blant unge muslimar kan seiast å både vere ei religiøs protestrørsle. eit generasjonsskilje og ein identitetsmarkør som tek til ordet for eit mindre religionskritisk ordskifte, ei strengare islamfortolking og retten til å praktisere denne reformerte forståinga av

³³ Linge 2013:4

islam i det offentlege rom.³⁴ Salafismen har blitt ein sentral aktør for norske muslimar, og blei først kjent blant den gemene hop gjennom Arfan Bhatti og Profetens Ummah. Likevel er IslamNet den sentrale aktøren i salafi-miljøet i Noreg. IslamNet er også kjende i norsk offentlegheit for å blant anna tatt til ordet for at USA og jødar sto bak terroraksjonen 11. september 2011, dei har også våre utydelege i sine utalingar om fysisk straff av kvinner, og har forsvart sharia-baserte straffer som steining på grunn av utruskap. Dei har også våre i media for å ha praktisert kjønnssegregerte møter på HiOA. Alt dette har gjort at dei har fått eit svært dårleg rykte i media, og dei har blitt uønskt som studentforeining både ved UiO og HiOA.

IslamNet oppstod blant mannlige ingeniørstudentar ved Høgskulen i Oslo i 2008. Dette har blitt den største muslimske ungdomsrørsla i Noreg. Og dei har i dag ein draum om å opprette eit dawa senter i Oslo som kan bidra til at salafismen får eit permanent institusjonelt nærvær i Noreg. Salafismen har ein sterk tiltrekkingskraft blant unge muslimar, mykje på grunn av at dei hevdar å representere eit «sant» og «autentisk» islam, uavhengig av sosial, politisk og historisk kontekst.³⁵ IslamNet tilbyr interaktive religiøse tenester for sine brukarar, sidan organisasjonen ikkje har hatt nokon klar forankring i ein moske, har desse interaktive tenestane våre svært viktig for at salafismen har blitt populær Noreg. IslamNet har til forskjell frå andre aktørar gjennomført ei «digital salafisering» gjennom hyppig bruk av sosiale media som Facebook og Youtube. Dette skil seg også frå andre europeiske land der salafismen har spreidd seg frå moskeer eller ein lokal mentor. IslamNet har i tillegg bygd opp sin popularitet rundt store organiserte arrangement som kan sjåast på som eit motsvar til kristne vekkingmøte. Ein av dei viktigaste arrangementa er «Peace conference» På desse arrangementa har det kome karismatiske salafi-ikon som var kjendisar i det muslimske miljøet også før IslamNet. Ved å setje saman eit narrativ beståande av hovudsakleg salafistiske doktrinar, apologetikk og populær-kultur står desse nye intellektuelle islamistane fram som rettruande, rebelske og ungdommelege på same tid.³⁶ Denne blandinga av religion, populærkultur og nye media har gitt IslamNet ei karismatisk heilheit. IslamNet bruker symbolikk som identitetsmarkører, og dette er ikkje ulikt andre ungdoms- og subkulturar. Dette er i form av videoklipp med symbolske effektar, plakatar og liknande.

³⁴ Linge 2013:1

³⁵ Bangstad 2013:255

³⁶ Linge 2013:6

IslamNet følgjer mest truleg ein puritansk salafisme, som har røter i Saudi-Arabia. Gjennom denne forma for salafisme får muslimsk ungdom kjensla av å høyre til i eit globalt muslimsk fellesskap. Hos IslamNet kjem dette elementet først og fremst til uttrykk ved at organisasjonen hevdar å representere ei universell form for islam. For norske muslimar har dei no ein neo-etnistiet, uansett kva land dei kjem frå, og denne neo-etnisiteten fungerer som samlande³⁷ Dei sjølve bruker ikkje nemninga salafisme om sin religiøse orientering. Grunnen til dette kan vere så enkel at salafismen er eit så nytt fenomen i Europa, at det appellera meir å bruke nemningane «Islam», «ortodoks islam» eller «sann, autentisk islam» Eit anna moment er at blant anna «profetens Ummah» har gjort at folk dreg assosiasjonar til ekstremisme når dei høyrer salafisme. Dette kan vere eit retorisk grep for å kunne appellere til fleire. Denne salafismen finn vi også hos Profetens Ummah, og sjølv om ein kan dra parallellar mellom desse to salafi rørslene, så har IslamNet tatt sterk avstand til vold og terror i norsk og europeisk kontekst. Det dei har til felles er at de er svært konservative, og dei kjenner seg forplikta til å tale for det dei meiner er den sanne islam. Dette har gjort at dei møter sterk kritikk i det sekulære norske samfunnet. Puritanske salafister karakteriserast blant anna ved å ha eit ultrakonservativt kvinnesyn og sterke antipatiar mot homofile og andre minoriteter. IslamNet har sympati til politiske aktørar som Det Muslimske Brorskapet og Jama`at-i Islami, som er den indo-pakistanske slektninga til Det Muslimske Brorskapet.

Mange unge norske muslimar blir trekt mot salafismen. Dette er likevel eit svært samansett fenomen. Til dømes kan ikkje medlemsskapet i IslamNet tolkast som eit tilslutning til salafismen. Fahad Quereshi og kjernen rundt han er klart tilhengjarar av salafismen, men hjå dei resterande medlemmane varierer grada av affeksjon til rørsla veldig. Dette kan vi sjå tydeleg i forumet på Facebook, meir om dette seinare. I tillegg er det stor grad av utskifting innanfor gruppa. Linge seier dette er på grunn av noko han kallar «salafi-burnout».³⁸ Dette er eit omgrep han brukar om tilhengjarar av IslamNet som blir utbrente av den puritanske livstilen som salafismen krev. Det er ikkje lett for tilhengjarane å måtte følgje alle reglane som denne strenge rørsla krev, og det er rett og slett ikkje så enkelt å vere ein tilhengar i så mange år. Dette er mogleg ein av grunnane til at det er så mange unge medlemmar.

IslamNet si ultrakonservative tolking islam representera eit klart brot med to islamske hovudstrøymingar som er representert i dei store og etablerte moskeane i Oslo. Forskjellen er tydeligast ovanfor Central Jamaat-e Ahl-e Sunnat, World Islamic Mission og Minhaj-ul-

³⁷ Linge 2013:7

³⁸ Linge 2013:8

Qur`an, dei tre største sufi-orienterte moskeane i Noreg. IslamNet har, om ein kan kalle det eit slektskap, til det Islamske Forbundet (Rabita-moskeen) og Islamic Cultural Centre(ICC-moskeen), som er dei to største islamistiske orienterte moskeane i Oslo³⁹

IslamNet har i hovudsak medlemmar med muslimsk minoritetsbakgrunn. Andelen etniske norske konvertittar er ubetydeleg. IslamNet si medlemsmasse er dominert av unge kvinner med somalisk bakgrunn. Leiinga er sterkt sentralisert og blir dominert av unge menn i kretsen rundt Fahad Qureshi. Det er også klart utifrå styrevedtektene at styret til IslamNet i Oslo utøver ein sterk grad av doktrinær kontroll over sine avleggarar elles i landet⁴⁰. På bakgrunn av Linge sine observasjonar er dei aller fleste medlemmane mellom 16 og 25 år. Og i motsetning til dei fleste moskeane, som oftast tiltrekkast av menneske med same etniske bakgrunn, er IslamNet multietnisk bakgrunn. Rundt halvparten av medlemmane er norsk-somaliarar⁴¹

IslamNet har hatt ei sterk rekruttering og mobilisering av unge muslimar, og dette har skjedd som følgje av hyppig bruk av sosiale media. IslamNet si gruppe på Facebook er den mest populære, og her blir spørsmål «diskutert» kvar einaste dag. Grunnen til at eg set diskutert i hermeteikn er at det ikkje er lov å diskutere på IslamNet si side. Dersom ein skal kome med ein påstand eller svare på eit spørsmål må ein ha ei autoritativ kjelde. IslamNet bruker først og fremst IslamQA. Dette er ein «fatwa-bank» etablert i Saudi Arabia i 1996. Mannen bak denne banken er ein predikant som heiter Muhammad Salih al-Munajid, og som er kjend frå TV. Andre kjelder er den salafi-lærde og avdøde muslimen Ibn Taymiyyah (døydde i 1327). Han var inspirator for wahhabismen (som er den statsberande religiøse ideologien i Saudi-Arabia). Andre kjelder er al-Albani og Ibn Baz som begge døydde i 1999, dei var to ultra-konservative religiøse skriftlærde som virka i Saudi-Arabia. I styrevedtektene for IslamNet blir det sagt at styremedlemmer ikkje kan gå imot deira si lære. Deira lære kan vere utan kjelder eller dekning i nokon faktiske realiteter, men IslamNet går ut å seier at dette er ei lære som eit fleirtal av muslimar i verda aksepterer og er difor gyldige på linje med Koranen og Hadith-litteraturen. Desse vedtektene blei satt i verknad i 2012, og er eit sterkt argument for å kalle IslamNet ei salafi-orientert rørsle med sterke dogmatiske trekk, og Al-Albani og Ibn Baz som erstatning for islamske lovskular.

³⁹ Linge 2013:2

⁴⁰ Bangstad 2013:258

⁴¹ Linge 2013:2

IslamNet har altså fått rotfeste i Noreg, og sidan dei har si doktrine frå ein puritansk salafisme, er det svært viktig for dei å spreie sitt budskap om islam. Denne misjoneringa blir kalla for dawa,.

3.4. Dawa

Brukarane på IslamNet sitt forum er svært opptatt av dawa, og det står også i samsvar med interessene til IslamNet som organisasjon. Ein av dei viktigaste grunnane til å opprette denne organisasjonen var nettopp å fremje dawa i Noreg. Dawa betyr både å tilbe Gud og å invitere folk til tru, altså misjon. Det står lite om dawa i Koranen, men det står at ein skal pålegge det som er rett og å forby det som er galt. Dette er blitt tolka som eit krav om å rettleie andre, oftast muslimar, tilbake på den «rette sti».⁴² Dette er implisitt ei autorisering om utøving av moralsk og sosial kontroll i andre muslimar sitt liv. Dette er og eit sentralt utgangspunkt for prinsippet om hisba, som er nedfelt i moderne lovgjeving i ei rekkje muslimske land. Hisba er spesielt viktig for puritanske salafistar sitt syn på dawa ovanfor andre muslimar. Ein skal rettleie muslimar, og vinne dei tilbake til det dei meiner er den rette og sanne trua. Og det er kanskje difor Facebook-gruppa heiter *IslamNet – misoppfatninger om Islam*, nettopp fordi ein meiner at det er så mange feiltolkingar om islam, både frå utanforståande, men også innanfor sin eigen religion. Dei som høyrer til hjå IslamNet får altså ei kjensle av å høyre til ei gruppe som har ein «overlegen islamsk kunnskap» Til dømes i ein diskusjon Zeshan Quereshi, Fahad sin yngre bror, hadde med sufi og shia muslimar, gav han seg sjølv retten til å erklære sin meiningsmotstandarar som kuffar.⁴³

Ein annan ting som er viktig for mange av medlemmane av IslamNet er at dei skal vere ein motpol til all islamkritikken som har fått grobott i det norske ordskifte dei to siste tiåra. Mange er også misnøgde over foreldregenerasjonen sin passivitet i denne debatten. Tilhengjarane av denne retninga får slik ei kjensle av «moralsk overlegenheit», og dette er også eit element som utgjer ein viktig del av IslamNet si doktrine. Ei stigmatisering av vesten står sterkt blant salafister i verda, og IslamNet er heller ingen unntak. Vesten får skulda for å stå opp for rusmisbruk, familieoppløysning og homoseksualitet som eit moralsk forfall. Det er IslamNet si plikt til å endre samfunnet.

⁴² Bangstad 2013:263

⁴³ Linge 2013:7

I følge Linge representerer framveksten av salafismen ei utfordring i det norske muslimske landskapet. Utfordringa kjem klarast fram hjå Profetens Ummah, som manar til bruk av vold og truar med både terror og opprør i Noreg. Det skal seiast at dette ei lita gruppe som ikkje har særleg sterkt fotfeste i Noreg. Utfordring knyta til IslamNet er derimot mykje meir kompleks. IslamNet er ei ultra-konservativ gruppe, og det er ikkje eit nytt fenomen i Noreg. Konservative menneske kan vi finne både hos kristne og andre muslimske rørsler. Det som er problematisk er at IslamNet til tider har eit sekterisk og intolerant uttrykk. IslamNet kan på denne måten vere med på å oppretthalde polariseringa mellom muslimar i Noreg. Dette kan vi blant anna sjå i den tidvise hatefulle diskusjonen mellom IslamNet og den shia-orienterte gruppa; Den Islamske ungdomsorganisasjon. I tillegg har ein predikant som IslamNet har brukt i føredrag, Abu Usamah al Thahabi, støtta både drap av homofile og oppmoda til hat mot menneske som ikkje er muslimar.⁴⁴ Tidlegare generalsekretær i Islamsk Råd har gått ut offentleg og sagt at «IslamNet spreiar hat». Dette er døme på den auka polariseringa i det muslimske miljøet i Noreg. Likevel kan vi sjå at biletet er meir nyansert. IslamNet kan til tider spreie hatefulle haldningar, men har også predikantar og talarar som står opp for toleranse og kjærleik. Ta Abdur Raheem Green, ein salafistisk predikant, som døme, han oppmoda sine tilhengjarar til å ha ikkje-muslimske venar.

Linge seier at for norsk-muslimsk integreringspolitikk står salafismens fram som eit tilbakesteg og som ei utfordring i Noreg. For å forhindre intoleranse og mistenking mellom muslimar og ikkje-muslimar, og også mellom grupper innanfor islam, burde kontroversielle islamske tolkingar bli møtt med diskusjon i fora der både nye aktørar og tradisjonelle muslimske talspersonar er representerte.⁴⁵ Med andre ord IslamNet sin regel om å ikkje diskutere spørsmål stengjer for dialog og aukar avstanden til andre grupper i samfunnet. IslamNet kan vere med på å polarisere islam i Noreg, og auke skeptisismen blant folk i samfunnet på grunn av deira uvilje til å diskutere spørsmål.

Eit anna problem med IslamNet er deira forhold til vesten. IslamNet har sett på som si oppgåve å forsvare muslimar sine rettar i dette området. IslamNet sin sentrale leiing er flinke til å vise omsyn til den konteksten dei opererer i, nemleg det norske sosialdemokratiet, men det er også mogleg at Fahad Quereshi er tilhengar av tanken om en islamsk stat og sharia. Det er mange av straffene i sharia-lova som bryt med menneskerettane. Quereshi har blant anna

⁴⁴ Linge 2013:9

⁴⁵ Linge 2013:9

uttala at ein muslim ikkje kan vere motstandar av dødsstraff, då dette blir sett på som å vere kuffar.⁴⁶

IslamNet er med på forme muslimsk identitet, mykje på grunn av at dei gir enkle og klare svar til unge muslimar som søker etter noko å tru på.. Denne identiteten kan berre preg av å stå i motsetning til sekulære og liberale verdiar i Noreg. Vidare skal vi sjå på korleis ungdommane diskuterer på forumet, og korleis denne diskusjonen definerer deira livssyn.

⁴⁶ Bangstad 2013:267

PRESENTASJON AV MATERIALET

4. IslamNet på Facebook

I mi analyse av Facebook sida «*IslamNet – misoppfatninger om islam*» har eg sett at forumet brukar fleire forskjellige moderatorar. Fahad Quereshi, som også er leiar for IslamNet, er ein aktiv bidragsytar på gruppa. Det er fem moderatorar på gruppa, fire menn og ei kvinne, særleg to er aktive; Fahad Quereshi og ein annan. Gruppa har per dags dato 15000 medlemmar. Berre eit fåtal av dei 15000 medlemmane er aktive på gruppa. Det er og sannsynleg at mange av medlemmane ikkje er medlemmar av organisasjonen IslamNet. Gruppa er lukka og ein må ha tilgang frå administrator for å sjå kva som blir skrive. Grunnen til dette kan vere forskjellige, men med stort sannsyn er det mest for å unngå net troll og folk som skriv hatefulle meldingar.

Moderatorane er unge og studentar, dette fann eg ut ved å sjå på informasjonen om dei på Facebook. Moderatorane er aktive, og dei slettar innlegga som dei meiner er mot islam si lære, eller som dei meiner er usaklege. Dei sei også ofte at brukarane av Facebookgruppa må vere varsame, fordi Allah kan kome til å straffe dei som kjem med tomme påstandar. Det er difor svært viktig at alt som blir sagt har kjelder.

Kjeldene er: *www.islamQA.no* som er ein søkedatabase laga av IslamNet og *www.islamQA.com* som er ei søkedatabase frå Saudi-Arabia. Facebooksidene «*Finn Allah*» (<https://www.facebook.com/FinnAllah.no>) og «*IslamNet*» (www.facebook.com/IslamNet.no), nettsidene *www.finnislam.no* og *www.islamnet.no*. Og ei rekkje Youtube videoar frå kjende predikantar, nokre av videoane kan du finne på IslamNet si Youtube side (www.youtube.com/IslamNetVideo) Men dei aller beste kjeldene er Koranen og Hadith-tekstane.

Etter det eg ser er det forskjell på kval slags innlegg jenter postar og kva slags innlegg gutar postar. Jentene spør ofte om reglar i heimen, reglar om utsjånad, om bønn og kjærleik til Allah, nestekjærleik og sharia-lovgjeving. Nokre er også opptatt av å vise avstand til IS og

terror. Gutane er anti-USA, og særleg mot Bush, pro palestina, opptatt reglar for kvinner, skeptiske til vesten, og særleg deira si støtte til Israel. Mange tek også avstand til IS og bruk av vald og terror. Mange meiner at shia er feil tru, men at dei likevel skal behandlast med respekt. Nokre få meiner at shia ikkje har noko med islam å gjere. På same måte som jentene er dei også opptatt av bønner, men kanskje i enda større grad reglar for korleis ein skal be. Med andre ord er alle brukarane opptatt av regler og normer, og at dette er ein viktig del av det å vere muslim. Sjølv om eg no tok for meg at gutar er opptatt av det eine, og jenter opptatt av det andre, er det ikkje så svart-kvitt. Likevel kan vi sjå at majoriteten av jentene og majoriteten av gutane er opptatt av ulike tema.

Nokre av brukarane er meir radikale i sine meiningar. Både konspiratoriske og radikale meiningar får ofte stå på sida. Nokre brukarar snakkar til dømes om korleis det som dei meiner er fridomskamp i Syria og Palestina, blir kalla for terrorisme i media. Nokre brukarar samanliknar Hamas og IS med fridomskjemparar under andre verdskrig. Der er også brukarar med konspiratoriske meiningar, som til dømes meiner at IS er konstruert, og at dei er støtta av amerikanarar for å skape ustabilitet i Midtausten. Dei som er mest konspiratoriske er ofte brukarar med etnisk norsk namn, men som er tydelege konvertittar. Likevel kan vi sjå at ein stor majoritet av brukarane, inkludert moderatorane, kan ha til dels konspiratoriske meiningar om vesten. Dette skal vi sjå meir på seinare.

Mange av IslamNet sine brukarar definerer seg med ein muslimsk identitet basert berre på religiøse mønster, og utan nokon spesiell referanse til ein spesifikk kultur eller språk. På gruppa er det viktigaste korleis ein er som muslim og ikkje kven ein er som muslim. Det kan vi tydelegast sjå gjennom medlemmane av gruppa. Her er det menneske med pakistanske namn, norske namn, somaliske namn, iranske namn osv.

Vidare skal vi sjå på korleis brukarane diskuterer sin eigen relasjon til menneske dei meiner ikkje høyrer til islam, og så skal vi sjå på deira sitt forhold til etikk og moral.

4.1. IslamNet og kuffar.

Ein av dei tinga eg har sett på i mi oppgåve er korleis brukarane av Facebookgruppa ser på vesten og media. Eg vil sjå på korleis brukarane av forumet ser på media si handtering av konflikter, slik som den i Syria og den i Palestina. Eg vil sjå på kva som ytringar som får stå på sida, og kva ytringar som ikkje er akseptable. IslamNet som organisasjon tek som tidlegare

nemnt sterk avstand frå krig og terror i islam sitt namn, men korleis kjem dette fram i ordskifte. Eg vil også sjå på korleis moderatorane handterer ytringar som ber preg av hat, særleg mot dei som er kuffar. Er det lov å stigmatisere grupper, eller er dette noko ein helst bør unngå på forumet?

Eit anna aspekt eg vil sjå på er korleis brukarane tenkjer om korleis ein skal forholde seg til kuffar. Det må nemnast at det er ueinigheit om kven som er kuffar blant brukarane. I utgangspunktet blir alle muslimar kalla for muslimar, det er likevel mykje som tyder på at dei som ikkje følgjer verdsbilete til brukarane blir kalla kuffar. Muslimar som er for homofili, snakkar ned om konservativ islam, ikkje vil bruke hijab osv. kan blir kalla kuffar av nokre av brukarane på forumet. Det er også stor usemje om shia er kuffar eller ikkje.

Først skal vi sjå på kva brukarane tenkjer om media si handtering av konflikhtar. Mange av konfliktane som rører seg i nyheitsbilete i dag er frå områder med ein muslimsk majoritet. Eg vil sjå korleis brukarane reagerer på det som blir fortalt om muslimar i aviser, på nett og fjernsyn.

4.1.1. Media si handtering av konflikhtar.

I eit innlegg er B1 lei media sitt krav om at muslimar må ta avstand frå all krig og terror i verda. Han meiner at til dømes at høgresida i politikken ikkje får det same kravet om å ta avstand til Israel. I tillegg er han også lei av media sitt negative fokus på islam. Han meiner at vel så mange krigar og undertrykking blir gjort av andre enn muslimar. Fahad Quereshi skriv dette som svar på innlegget:

«Det er helt riktig at kuffar undertrykker muslimer og dreper langt mer muslimer enn det muslimer dreper noen som helst. Og skulle noen ta avstand er det kuffar som bør ta avstand for deres umenneskelige atferd flere steder i verden. Samtidig er det en grunn for at muslimer tar avstand fra uislamske ting som gjøres i islams navn. Kuffar bruker media og propaganda til å fokusere på få uislamske ting som gjøres i islams navn og blåser de opp som om det er det eneste som skjer i verden. Hva blir resultatet? At den gjennomsnittlige nordmannen i gata tror at muslimer er de verste skapninger på denne jord. Så fra et da'wah perspektiv er det viktig at vi avviser det de tilskriver islam som ikke er fra islam. Samtidig bør vi benytte muligheten til å kritisere deres angrep mot islam og muslimer. Så det er en grunn

og klar fordel ved å ta avstand fra terror, voldtekt, eller hva annet haram som skulle finne sted i islams navn⁴⁷»

Fahad Quereshi seier at kuffar drep mange fleire muslimar, og at vesten har eit enda større ansvar for å ta avstand frå krigane i verda. For Quereshi verkar det meiningslaust at muslimar alltid må forsvare seg når det skjer terrorhandlingar ein eller annan plass i verda. Det at ein høyrer mest om muslimske konflikter er som følgje av at media driv med propaganda for å sverte islam. Media bles opp sakar som handlar muslimar, og legg meir vekt på slike konflikter enn andre konflikter. Resultatet av dette blir at konsumentane får eit negativt syn på islam, fordi media vinklar det sånn at det alltid er muslimar som er i konflikten. Som følgje av denne propagandaen blir muslimar sett på som verden verste personar av folk flest.

Det er også brukarar på forumet som meiner at det er urettferdig at media kritiserer muslimar som reiser for å krige i Syria, men at dei nesten ikkje nemner dei kristne som vel å delta i kampane mot Palestina. Dei merkar seg også at ordsetjinga er annleis når ein snakkar om framandkrigarar i Syria og framandkrigarar i Israel/Palestina. Muslimane blir kalla for jihadistar og terroristar, mens kristne blir kalla for soldatar. Det er svært få på forumet som forsvargar dei som reiser til Syria for å krige, men mange ser på Israel som like fæle som IS. For desse menneska er det frustrerande å sjå på korleis media er med på å skape eit negativ fokus på muslimar. Media gjer muslimar til eit slags farleg folkeslag, og mange kjenner seg ikkje igjen i det som blir sagt om islam. Dette gjer at mange av muslimane føler seg mistenkeleggjorte og neglisjerte i media.

Det andre aspektet Quereshi tek for seg er dawa. Det er viktig at menneske i samfunnet ser på muslimar som gode samfunnsborgarar. Her er Quereshi opptatt av at kuffar forstår at muslimar sjølve ikkje kan akseptere den uretten som blir gjort i islam sitt namn. Det er kanskje nødvendig å forsvare seg, slik at islam kan bli framstilt på ein positiv måte for folk flest. I følgje Quereshi kan dette føre til at islamofobar ikkje får sjans til å kritisere urett som blir gjort i islam sitt namn, fordi muslimane sjølv kritiserer denne uretten.

Det er samstundes vanskeleg for mange av brukarane og dømme andre muslimar, rett og slett på grunn av prinsippet om at kven er det som kan dømme ein muslim. Mange av brukarane meiner at ein skal vere forsiktig med fordømming av muslimar. Det er berre Allah som skal dømme, men det er lov å rettleie på ein god måte. Personen ein rettleier skal behandlast med respekt. Denne typen for rettleiing kallar brukarane for nashia. Dette er, ifølgje ein av

⁴⁷ <https://www.facebook.com/groups/islamnetpost/> 28.10.2014

brukarane, ei form for rettleiing som er venleg og respektfull, men også direkte og streng. Det er vanskeleg for mange av muslimane på forumet å behandle IS-muslimane med respekt, då dei som dei fleste andre nordmenn er sjokkerte over dei bestialske handlingane til denne gruppa. Eit sterkt dilemma for mange er når folk fordømmer desse muslimane. Synet på det globale ummah er viktig for brukarane, og det er ikkje lett for dei å avvise denne gruppa som muslimar. Ei løysning for mange er å seie at dette er muslimar som gjer uislamske handlingar.

I eit innlegg kjem ein ung gut, B2, med frustrasjon over at Ubaydullah Hussein og Profetens Ummah får så stor spalteplass i media. Spesielt er han oppgitt over nyheitssaka om ei gruppe radikale muslimar som køyrer rundt på Grønland med eit stort IS-flagg ut av bilen. B2 er irritert over handlingane til desse muslimane. og prøver å få utløp for sin frustrasjon. Han avsluttar med å seie at kvifor får denne apa lov til å få så mange oppslag i avisene. Raskt kjem det inn ein annan brukar som lurar på kvifor B2 kallar Hussein for ei ape. Fordi han oppfører seg som ein, svarar B2 kjapt. Da kjem det raskt frå B3: *«han er vår bror i Islam, ikke en ape»* Det er interessant å sjå kva guten svarar vidare: *«han kan begynne å gjøre dawa på en rolig og fredlig måte slik at nordmenn kan forstå hvor harmonisk Islam er. Hva tror du resultatet blir når en oppfører seg på denne måten i verdens mest sekulariserte land?»*

No kjem B7k inn i samtalen: *«Uansett resultat er det best å gi nasheea privat og ikke offentlig. Mange sier: sånne som han skaper splittelse i Ulama/frykt blant nordmenn, men det er like mye vår egen skyld. Vi kan handle på den riktige måten istedenfor å sitte hjemme. For det andre må vi slutte å reagere med hat/sinne ovenfor våre søsken og gi neesha på en måte som de ikke blir fornærmet på. For det tredje må vi slutte å frykte hva nordmenn/andre kommer til å tenke om oss og frykte Allah i stede»*

IslamNet har sjølv uttalt at dei tek avstand frå ekstremisme og terroren som skjer i Islam sitt namn. Profetens Ummah har uttalt at IslamNet bryr seg meir om kuffar enn andre muslimar. Dette er det Mohyeldeen Mohammad, ein av hovudmenna bak Profetens Ummah, som meiner på grunn av at IslamNet har jobba saman med sekulære aktørar for å beskytte ungdommar mot radikaliserings i det muslimske ungdomsmiljøet i Noreg. Likevel er det nokre brukarar på forumet som vel å bagatellisere overgrepa som blir gjort av IS. Og i tillegg er dei svært konspiratoriske over USA si rolle i krigen. Dei meiner at IS ikkje er noko anna enn eit vestleg påskot for å drive med terror. Dette innlegget blei sletta frå sida etter å ha ligge ute berre ei kort tid.

Vi har altså sett at ein stor del av brukarane er misfornøgde med media si konstante negative vinkling på islam. Det er mange som er oppgitt over kuffar, og mange har ei kjensle om at dei misforstår muslimar med vilje. På grunn av prinsippet om dawa er det likevel viktig å nyansere media sitt einsidige fokus på islam. Problemet er at det er vanskeleg å gå hardt mot muslimar som gjer urett i islam sitt namn. På grunn av dette problemet er det mange som lar vere å snakke om konflikten i Syria. Moderatorane har sjølve sensurert trådar der brukarar går hardt ut mot Profetens Ummah og IS.

Vidare skal vi sjå på korleis ein oppføre seg rundt menneske som står utanfor islam.

4.1.2. Samvær med ikkje-muslimar

Korleis skal ein muslim stille seg til menneske som ikkje er av same tru? Er det lov å omgås menneske som står utanfor islam? Det har blitt påpeika i fleire innlegg at ein ikkje bør omgås kristne. Dersom ein er svak i trua kan kristne påverka deira tru, og som muslim kan ein bli vranglært.

Det er også diskusjonar der ein snakkar om at ein ikkje skal jobbe med yrker som har aspekt av haram i seg. Det vil til dømes vere barnehagar der dei driv med song og musikk, forretningar der ein sel svinekjøt eller som taxi-sjåfør der ein køyrer rundt med folk som har tatt inn alkohol. Dei er ikkje samde på forumet om kva som er greitt, men dette er spørsmål som dei undrar seg over. Vi skal sjå på nokre fleire døme no.

B4 seier at det er umogleg for muslimar å omgås andre type menneske. Han seier at det er oss mot resten, og at dei andre ikkje er fiendar, men ein skal heller ikkje omgås denne type menneske. B5 seier at brukaren skal skjerpe seg, og at Allah sjølv seier at ein skal respektere alle type menneske. B6 seier at det er sant at ein skal respektere alle menneske, men ein skal likevel ikkje bli venar med dei. Ei aktiv kvinne på forumet, B7k seier at Muhammed sjølv hadde gode forhold til ikkje-muslimar, og at den muslimske historia ber preg over at ein alltid har levd godt med folk som ikkje høyrer til i religionen. Ho fortel vidare at islam ikkje blei spreidd med soldatar og tvang, men med handelsmenn som hadde gode relasjonar til folket dei møtte i byane. Dei fekk så gode relasjonar til menneska i byen at mange valte å følgje muslimane si tru. B7k seier at fred, toleranse og gode relasjonar er normalen i islam, og det er berre i unntakstilstandar at krig var (og kanskje er) nødvendig. B7k seier at det er viktig for islam å alltid gå tilbake til normalen:

“Peace, tolerance, compassion, and good relationships are the normal, and original state between Muslims and Non-Muslims. Islam promotes and protects this good relationship. Animosity and war are exceptions to this original state, when these exceptions do not exist, then we should return to the original peaceful state”⁴⁸

Islam må altså beskytte denne originale tilstanden mellom muslimar og ikkje-muslimar. Det er muslimar si plikt å oppretthalde ein god relasjon mellom muslim og kuffar. Allah seier at ein ikkje skal vere fiendtlige mot dei som behandlar ein godt tilbake. B7k fortel at Allah oppmuntrar muslimar til å ha kontakt med kuffar.

Det er som sagt viktig visjon for IslamNet å utføre dawa. B7k set perspektivet om dawa i fokus når ho snakkar om å ha relasjonar til kuffar. Ein skal behandle dei med respekt og venskap, og i beste fall så vil kuffar ta til seg den islamske læra og bli muslim. For IslamNet er det også viktig å sette fokus på kjærleik, fred og toleranse, på denne måten kan ein spreie Allah sin kjærleik til dei rundt seg. IslamNet er ei anti-voldeleg retning, og tek som sagt sterk avstand til terror og vald i si religionsutøving. Dei har mange gongar fått ei form for kritikk om å vere for samarbeidande og venleg mot kuffar. Vi ser at brukarane på forumet er usamde om korleis ein skal sameinast med kuffar. B7k møter ein del motstand, særleg frå menn, som meiner at det er tull å ha kuffar som venar. Ein muslimsk ven hjelper deg til å halde på bønnetidene og kan vegleie deg, medan ein kuffar berre villeiar deg. Ein annan meiner derimot at Muhammed hadde mange venar som var kuffar og at ein burde leve mest mogleg som han. Det blir også sagt at Koranen fortel at ein ikkje skal omgås jødar og kristne, fordi dei er dine fiendar. Dei fleste svarer at dette er berre meint i den konteksten det er skrive, nemleg i krigstid. Det overraska meg litt at så mange skriv at ein burde lese denne teksten i kontekst. IslamNet er ei ultrakonservativ retning innanfor islam, og har ei relativt bokstavleg tolking av Koranen. Det å lese i kontekst vil seie at ein tolkar teksten sjølv. I alle formar for fundamental religion er ein svært lite opptatt av å tolke skrifta i kontekst, det som står der er det sanne ord og det er berre gud som kan tolke dette. Moderator er ikkje aktiv i samtalen, og det er stor einigheit om temaet etter kvart som motstandarane har blitt svar skuldige. Det ser ut som at dei fleste i diskusjonen er einige med B7k. Altså er mange opptekne av at islam skal bli framstilt som ein venleg, tolerant og respektfull religion. Mange blei også oppgitt over at B4 som hadde posta dette innlegget, korleis skulle folk sjå på muslimar etter ein slik kommentar. Mange av brukarane i denne diskusjonen meiner at misoppfatninga om at det er

⁴⁸ <https://www.facebook.com/groups/islamnetpost/?fref=nf> 24.11.2014

muslimar mot resten må motbevisast. Det er gjennom gode relasjonar til kuffar at ein kan vise at muslimar også er vanlege menneske i samfunnet.

I eit anna innlegg er B8k oppgitt over at det er vanskeleg å identifisere seg med dei andre på skulen. Ho går på Lambertseter Vidaregåande, ein skule ho seier har eit godt sosialt miljø. Problemet er at der er veldig få muslimar, og enda færre som går med hijab, eller sjal som B8k vel å kalle det. Ho har fått venar. Ho syns likevel det er vanskeleg å vere ven med dei, fordi dei drikk, røyker og har sex. I det siste har ho også følt at hennar indre imam har blitt svekka. Ho meiner at ho har mista gløden i trua si, og syns det er vanskeleg å praktisere islam. Ho føler også at ho har falt utanfor det sosiale miljøet på skulen. Ho spør brukarane på IslamNet om råd.

Dette er eit interessant innlegg å sjå på, fordi det fortel oss mykje om korleis brukarane på forumet ser på sosial interaksjon med majoriteten i samfunnet. Første bidragsytaren fortel at han hadde det likedan, og for han var det viktig å holde seg saman med muslimar som ikkje freista han til å synde. Han seier vidare at det menneske som minner deg på islam er ein ekte ven. Han meiner at ho bør heller bruke tida si i moskeen, studere koranen og bruke pausane til å be. Ei anna kjem inn å sei at ho bør bruke tida på å fokusere på å studere. Ho bør heller bruke tid med systre på fritida. Ho bør velje sjølv kven ho skal vere med, og at ho bør velje å bruke tid saman med andre muslimar på muslimske aktivitetar og fritidsklubbar. Ho seier at B8k i tillegg bør vurdere å byte skule til ein der det går fleire muslimar. Etter ein del postar om at venar ikkje er så viktig, og at det viktigaste er at ein praktiserer islam på rett måte, kjem det eit innlegg som skiljar seg frå dei andre. Ho som skriv inn no er sjølv muslim på den same skulen. Denne jenta seier at B8k bør gi kuffar ein sjans. Kvifor skal det vere eit motsetningsforhold i å vere muslim og å vere ein del av eit sosialt miljø på ein skule? Ho skryt av at kuffar er svært opne og respektfulle på denne skulen. Dette er hennar sjanse til å utføre dawa. Når dei andre spør om kvifor B8k ikkje drikk alkohol, kan ho til dømes fortelje om alle fordelane ved å vere avståande. I tillegg seier ho at elevane på denne skulen er fulle av forståing for praktiseringa av religionen. I staden for å komme med rasistiske kommentarar, kjem dei med støtteerklæringar, og meiner at muslimar er ein positiv del av skulemiljøet.

Mange av brukarane i denne samtalen oppmodar B8k til å isolere seg frå det sosiale miljøet på skulen. Dei meiner at ein bør ikkje kome i kontakt med kuffar, fordi dette skaper problem for henne som muslim. Det viktigaste kan ikkje vere eit sosialt liv på skulen, det viktigaste er at ein er ein god muslim. Eg meiner at det er problematisk at majoriteten i samtalen meiner

dette. Her ser vi ei form for isolering frå samfunnet som ikkje bør førekome. Det ein oppnår med å velje å ikkje ha kontakt med ikkje-muslimar er at ein opprettheld ein tanke om at muslimar er «dei andre». Ei gruppe som ikkje høyrer heilt til i det sosiale laget. Mange muslimar er frustrerte over at ein ikkje blir definert som ein norsk samfunnsborgar, men som muslim, som noko framandt. Oppmodinga som blir gitt til B8k styrkar kanskje hennar muslimske identitet, men svekkjar hennar eiga rolle i samfunnet. B8k får råd om å stille seg utanfor den sosiale gruppa, og på ein måte isolerer seg i si eiga muslimske boble.

Medeleven som braut inn i samtalen undra seg over kvifor det skal vere eit motsetningsforhold i det å vere muslim, og det å vere eit del av eit sosialt miljø på ein skule. Dersom muslimar vel å gi ikkje-muslimar ein sjans, kan det vere at dei får ein sjans tilbake. Sosiale band blir knyta på tvers av religion og livssyn. Eg trur at menneske som kjenner muslimar ofte er langt mindre kritiske til religionen enn menneske som aldri treff ein muslim. Gjennom muslimske venar møter ein eit menneske og ikkje berre ein religion. Den jenta her som har valt å omgås ikkje-muslimar, og til og med skryt av at dei er respektfulle og tolerante ovanfor hennar religion, kan vere med på skape mindre distanse mellom muslimar og dei andre elevane på skulen. Når ein får diskutere og høyre meir om trua og identiteten til nokon, kan også forståinga auke. Muslimar som ikkje vil omgås menneske utan ein muslimsk identitet står i fare for gjer islam til ein religion som er noko anna enn det å vere «vanleg» ungdom

Vi har no sett på brukarane sine tankar om relasjonar til menneske som alle er einige om står utanfor islam, vidare skal vi sjå på korleis brukarane ser på andre islamske retningar.

4.1.3. Andre islamske retningar som kuffar.

*«Assalmo alaykom, lurar på om det er lov for muslimar å uttrykke seg om at shia muslimar ikkje er troende og ikkje "godkjente" i islam? Spørsmålet kommer av at jeg har hørt noen si det på et offentlig sted og prøvd å lære bort dette til en som ønsker å konvertere til Islam».*⁴⁹

Dette er eit innlegg som er posta av ein konvertitt. B9 synast det er skremmande at det blir lært bort at det berre er sunni-muslimar som tilhøyrar det ekte islam. Moderator kjem raskt inn i samtalen for å gi det «riktige» svaret. Moderatoren seier at dette ikkje er skremmande i det heile tatt. Dei fleste shia er Rawaafidh. Rawaafidh betyr, direkte oversatt, «den som

⁴⁹ <https://www.facebook.com/groups/islamnetpost/?fref=nf> 26 november 2014

avviser». Denne termologien blir brukt negativt om ein muslim som avsendaren meiner avviser legitim islamsk lære.⁵⁰ Moderatoren seier vidare at det er klart at du må seie i frå om kva som er riktig islam. Han refererer vidare til Shaykh al islam ibnu Taymiyyah, som seier at ein person som har konvertert til shia er ein som entrar islam den eine døra og går ut igjen den andre. Moderatoren seier at dei som meiner at alle som kallar seg for muslimar følgjer islam, kan ikkje kjenne sin eigen religion.

B9 vil veldig gjerne vite kvifor det er forskjell på shia og sunni, og kvifor ikkje alle berre kan kallast for muslimar? Ho seier at ho har høyrte fleire gongar at ein muslim ikkje skal gå mot ein av sine egne.

Moderatoren fortsett å svare, og seier at det er ikkje riktig å seie at alle som følger shia ikkje er muslimar, fordi det fins nokre få som er riktige muslimar, men dei følgjer ein fel veg. Det som kan seiast er at absolutt ingen shia-muslim følgjer rett islam. Islam skal følgjast slik Allah openbara det, og slik Muhammed praktiserte det. Allah har gjort det obligatorisk å følgje vegen til sahabah (les: profetens følgesvener), og dette gjer ikkje shia. Han seier at shia meiner at sahabah er kuffar.

B9 fortsett å argumenter mot moderatoren. Ho meiner at ein ikkje skal dømme nokon, det må vere opp til Allah å dømme kvart enkelt menneske. Moderatoren gir raskt svar på tiltale. Han seier dette:

*«Islam er en komplett levemåte med komplette regler. Alle kan ikke følge hva dem selv vil og si at de fortsatt er muslimer. Man kan ikke si at man tror ikke på Gud, men er fortsatt muslim. På samme måte kan man ikke si at Kona til Profeten (fred være med han) var en h**** og en kafir (les:kuffar) Hvis man tror det er man ikke lenger muslim. Man kan heller ikke gi Gud sine egenskaper til andre mennesker. Hvis man gjør det er man ikke lenger muslim. Skjønner? Så islam er ikke som kristendommen at alt er bare kjærlighet og alle kan gjøre hva de vil så lenge de tror Jesus døde på korset for dine synder. Nei! Islam har lover og regler. Disse må du følge. Noen av reglene er slik at om du ikke følger dem så er du ikke lenger muslim»⁵¹*

Moderatoren er hard mot shia-muslimar. Enkelte meiningar kan ein ikkje bli tilgitt for. Det er to shia prinsipp som moderatoren er ekstra oppgitt over: det eine er at shia-muslimer avviser at Muhammed si kone er ein muslim, og det andre at shia-muslimar meiner at imamar kan tale

⁵⁰ <http://en.wikipedia.org/wiki/Rafida>

⁵¹ <https://www.facebook.com/groups/islamnetpost/?fref=ts> 26 november 2014

på vegne av Allah.⁵² Moderatoren har nok dette i bakhovudet når han seier at dei gir menneske gud sine eigenskapar. Og han seier at dersom ein gjer dette kan ein ikkje lenger kallast muslim.⁵³

I ein anna samtale blir moderator svært oppgitt over at ein brukar referer til koranen.no og islamqa.org (må ikkje forvekslast med islamqa.com). Desse kjeldene er ulovlege på sida på grunn av at dei er laga av shia-muslimar. Alle innlegga blei fort sletta, og moderatoren var svært oppgitt over at dette kunne skje.

På denne måten kan vi sjå at moderatorane av IslamNet har ein dårleg relasjon til shia-muslimar. Dette utspeler seg i krass kritikk av deira måte å sjå islam på. Ein kan ikkje ha desse haldningane og samtidig vere muslim. Ein vil unngå å bli samanlikna med shia-muslimar, og derfor er sider som kan tolkast i denne retninga uakseptabelt på forumet. Ein bør helst ikkje kome med påstandar om at shia-muslimar er muslimar. I følgje IslamNet er shia-muslimar kuffar.

4.2. IslamNet sitt forhold til etikk og moral.

For brukarane på IslamNet er spørsmål om etikk og moral svært viktig. Spørsmål som handlar om dette temaet blir stilte kvar einaste dag. Det er viktig for mange av brukarane å både fortelje at dei har god moral, og å stille etiske spørsmål om korleis ein kan leve som muslim. Alle spørsmåla som blir stilte skal svarast med kjelder.

Brukarane er altså opptatt av å følgje reglar. Når ein handlar riktig blir Allah fornøgd, det er fordi dei tenkjer at alle gjerningar blir nøye loggført av han. Ein brukar på forumet spør om dei andre kan gi eksempel på noko som er sunna. Sunna blir sett på som guds praksis og vart

⁵² Tolvskolen, som er den vanlegaste retninga innanfor shia-islam, meiner at det har våre tolv imamar som har hatt guddommelege eigenskapar og fullmakter. Dei meiner også at den tolvte imam har blitt rykka bort frå jorda, og lev i det skjulte, og at han skal kome tilbake og opprette eit rettferdig rike (<https://snl.no/Tolvskolen>)

⁵³ Når moderatoren referer til Muhammed si kone, så refererer han til Aisha. Aisha engasjerte seg i kampen om kven som var den rettmessige etterfølgjaren til Muhammed. Shia-muslimar meiner at Ali, Muhammed sin bror, var den rette etterfølgjaren, Aisha kjempa for at Abu Bakr, hennar far, skulle bli etterfølgjaren til Muhammed. Dette førte til ein krig mellom tilhengjarane av Ali og tilhengjarane til Abu Bakr. Og denne konflikten førte igjen til den store splittinga i islam. For sunni-muslimar er Aisha ei akta kvinne, mens dei fleste shia-muslimar meiner at ho aldri var verdig Muhammed, og at ho må sjåast på som vantru. Moderatoren seier at det er synd å ikkje verdsette Aisha. Aisha blir ofte sett på som Muhammed si favorittkone. Denne konflikten er frå 600 e.kr, men er fortsatt gjeldane i dag. Dette er dei to hovudgrunnane til at IslamNet meiner at shia-muslimar er kuffar (<http://en.wikipedia.org/wiki/Aisha>).

openbart gjennom profeten Muhammed⁵⁴. Sunna er beskrevet i hadith-tekstane, og det er viktig for mange av muslimane å følgje hans eksempel så nøye som overhovud mogleg. Dette fører til ei lang liste over reglar du kan følgje for å på ein måte «imponere» Allah.

Ein bidragsytar seier at berre ved å drikke vatn kan du gjer fleire forskjellige gjerningar som vil tilfredsstille Allah: Drikk med høgre hand. Drikk i tre slåp. Sei bismillah. Sit mens du drikk (faktisk fleire som nemner dette som ein bra ting å gjere) og sei Alhumdulliah til slutt.

Ein annan kjem med gode gjerningar som handlar om å ete mat: Et med høgre hand. Et helst med tre fingrar, om mogleg. Ikkje et veldig varm mat (også fleire som nemner dette som ei god gjerning), ikkje blås på maten. Et frå den sida av tallerkenen som er framom deg. Dersom du mistar mat på bakken, vask den og et den. Ikkje kritiser mat, dersom Muhammed likte maten, åt han den, dersom han ikkje likte den lat han den berre vere. Slikk alltid på fingrane etter at du har ete. Resiter dua(ei slags bøn) etter at du har ete. Vask alltid hendene etter måltidet og gurgl vatn i munnen og aldri ver stille under eit måltid.

Ei anna kjem med reglar om korleis du bør oppføre deg på toalettet. Resiter dua (Allahumma inni auzbeka minal qubs wal qabaes) før du går inn på toalettet. Gå inn på toalettet med venstre fot. Sit å uriner, ein skal aldri stå å urinere. Forlat toalettet med høgre fot. Resiter dua (Ghufranaka) etter du har gått ut frå toalettet. Ikkje søl urin, ho seier faktisk at ein blir straffa i grava om ein er uforsiktig med dette. Ikkje snakk på toalettet. Etter at ein er ferdig skal man vaske seg med reint vatn.

Alt dette er eksempel frå Muhammed sitt liv, og dersom ein vil gjere Allah fornøgd, så gjer ein det same som profeten gjor når han drakk vatn, åt mat eller var på toalettet. Dette er ikkje påbodne reglar, men om ein gjer desse så skal ein få løn frå Allah, og som vi ser kan ein også bli straffa dersom ein er uforsiktig.

Vidare skal vi sjå på brukarane sitt forhold til sharia-lovgjevinga, kvinnesyn og korleis moderatorane sensurer forumet.

4.2.1. IslamNet og Sharia

Brukarane av IslamNet er opptatt av er sharia. I eit innlegg spør B10 kvifor steining blir akseptert som straff av mange muslimar. Det er mange av brukarane på IslamNet som meiner

⁵⁴ <https://snl.no/sunna>

at steining av utru kvinner er ei akseptabel straff. B10 meiner steining vert for ekstremt, og spør om det ikkje fins meir humane måtar å drepe personen på. B11 seier ho ikkje forstår kvifor dødsstraff i det heile tatt er akseptabelt, då ein finn lite grunnlag for det i Koranen. Fahad Quereshi gir dette svaret i diskusjonen:

«Som muslim anerkjenner man at Allah er Den Mest Rettferdige og og intet menneske vil lide den minste urett på Dommens Dag. Allahs shari'ah er også den mest humane og beste for menneskeheten. Hvis man ikke har lært å telle er det ikke rart at man ikke forstår gangetabellen. På samme måte er islam. Om man ikke studerer islam vil man ikke kunne forstå hvorfor ting er som de er. Men frem til man ikke forstår må man nøye seg med at når noe er blitt bevist at er fra Allah og Hans Sendebud SAW, så er det riktig og Allahs Visdom overgår vår lille hjernes tro om rett og galt. Hva gjelder steining er dette 100% bekreftet i en haug med 100% autentiske hadith. Det er enighet blant lærde og det har det vært i over 1400 år. Hva gjelder visdommen med straffen er at den er ment å være avskrekkende for andre slik at folk holder seg unna utroskap. Bare å høre om straffen er så skremmende at man ikke vil tørre å nærme seg utroskap. Når det kommer til selve implementeringen av straffen ser vi i de samme hadithene hvor barmhjertig Profeten SAW var. Det må være fire rettskafne vitner som ser selv akten av penetrering, som i praksis er svært vanskelig om ikkw umulig. De hendelsene vi leser om i hadithene hvor folk har kommet til Profeten SAW og fortalt at de har gjirt zina viser igjen denne straffens rahma. Profeten SAW har vendt seg vekk fra dem helt til de gang på gang har vitnet mot seg selv og valgt straffeb i denne verden og rensset seg selv for synden så de vik møte Allah rene.

Aldri tvil ved Allahs lover eller tro at de ikke er riktig. Allah vet mens vi vet ikke. Allah vet hva som må til for at et samfunn skal fungere best mulig.»⁵⁵

Quereshi bruker mange sterke virkemiddel i sin diskusjonsbruk. Retorikken til Quereshi gir ingen rom for å vere ueinig. Han gjev uttrykk for at det er hundre prosent einigheit om at steining er ei akseptabel straff for utruskap. Dette veit vi at ikkje stemmer, det er ikkje fullstendig einigheit om at steining er akseptabelt. B11 delar meining med mange andre muslimar. Quereshi seier at dette har Allah bestemt, så det er ingen vits å diskutere.

For B11 vart det svært vanskeleg å foreine ein kjærleg Gud, med noko så gruffullt som steining av kvinner. For mange av brukarane er sharia ein viktig del av det å kunne halde fast ved sin eigen moral og etikk. Dersom ein rokkar ved Allahs lov, blir det vanskeleg for

⁵⁵ <https://www.facebook.com/groups/islamnetpost/?fref=ts> 26.10.2014

Quereshi og tilhengjarane av IslamNet å kunne leve som, i deira auge, ein ekte muslim. Difor trur eg det er så viktig for Quereshi at dette ikkje blir ein diskusjon som ein skal gå vidare med. Allah har sagt at sånn skal det vere, og då er temaet urokkeleg. Dette er på linje med trua på at det er Allah som står for fiqh, og at det er han som er lovgivaren. I ortodoks islam ser ein altså på Allah som lovgivaren, og at sharia ikkje kan endrast eller tilpassast nye samfunnsforhold⁵⁶ Medan andre former for islam, og spesielt for shia-muslimar, er det rettslærde som utarbeider fiqh. Fiqh er ein rettsvitskap, som behandlar den heilage lova, sharia. Fiqh regulerer rituelle handlingar, privatrett, strafferett, krigslover osv. Rettslærde tolkar denne lova, og bruker den inn mot både det religiøse, sosiale og politiske liv. I islamismen er det berre Allah som kan utøve fiqh, og dermed den einaste som kan tolke lova som omfattar alt i ein muslim sitt liv.

Moderatorane er opptatte av at ein ikkje skal tolke sjølve, men i innlegget til Quereshi ser vi likevel ei form for tolking. Quereshi seier at det er umogleg å vere fire vitne under det forbodne samleiet, og at i prinsippet er lova der berre for å skremme folk bort frå tanken. Det å vere utru fortentar å bli straffa med steining, men det kan i prinsippet aldri bli utført.

Vidare skal vi sjå på brukarane sitt kvinnesyn.

4.2.2. IslamNet og kvinnesyn

Mange av dei kvinnelege brukarane har profilbilete av seg sjølv . Dette er ein regel som har blitt diskutert fleire gongar på forumet, og konklusjonen har ofte blitt at ei kvinne eller ein mann ikkje skal ha bilete av seg sjølv. Bileteforbodet i islam gjeld også bileter av menneske. Eit anna aspekt er at mange av kvinnene ikkje har hijab på seg på bileta. IslamNet sitt offisielle syn på hijab er at kvinna skal dekkjast til, i alle fall alt hår og all hud, utanom hendene og ansiktet. Likevel blir desse kvinnene behandla med respekt i samtalanane på forumet. Som tidlegare nemnt har IslamNet flest kvinnelege medlemmar, og mange av dei er i tillegg aktive bidragsytarar på forumet. Eg synes det er interessant at kvinnene ikkje blir møtt med fleire negative kommentarar og diskriminering. .

I det siste har niqab debatten blitt synleg i media igjen, etter at Høgskulen i Telemark ville gå inn for å forby plagget. Torbjørn Røe Isaksen gav også støtte for dette forbodet. Etter sånne saker er det vanleg at det kjem nokre innlegg på gruppa. Ein niqab er ei heildekkande drakt

⁵⁶ <https://snl.no/fiqh>

der berre auga kan sjåast. B12m spør kvifor niqab utgjer ein trussel mot samfunnet? Dersom kvinner ønskjer å bere plagget, kvifor kan dei ikkje få lov til det? B13k(håret synleg på profilbilete), seier dette: «*Eg ser på IslamNet at det er nokre som går ut å seier at niqab er påbudt, og det stemmer vel ikkje med sanninga?*» Vidare seier ho at imamar har tolka det slik at kvinner må dekke håret, men at dette er noko dei ikkje kan finne grunnlag for i Koranen. B13k meiner at niqab fører til auka framandgjerjing av muslimske kvinner, og at rasistar får ein grunn til å hate dei. Ho meiner at bruken av niqab aukar forskjellen mellom muslimske kvinner og andre kvinner. B14k seier at Koranen påbyr å dekke håret. B7k fortel dei andre at tidene har kanskje forandra seg, men Koranen er konstant. B7k meiner at det må ver akseptabelt å bere hijab og niqab, sjølv om det skulle skape splitting i samfunnet. Det er ikkje bruken av sjal som fører til hat, det er det rasismen som gjer. B15m seier at kvinner må fortsette å bruke niqab. Om det er umogleg å bere plagget i Noreg, bør ein helst reise til eit land der det er enklare å bruke niqab. B16k seier at å forby niqab vil berre føre til auka splitting i samfunnet og større mistru til landet som ho bor i. Ho ser også på Noreg som eit kaldt samfunn der ein ikkje bryr seg om andre, og at kvinner som bruker niqab stengjer seg mindre ute frå samfunnet, enn kvinner som ikkje høyrer til i islam.

Kvinnene som ikkje har profilbilete, og som har utenlandske namn, kjem berre med argument for bruk av niqab. Dei seier at niqab aukar fridomen meir enn den restriktarar. Mange av dei niqab-kledde kvinnene føler seg stolt over sitt livssyn, og ber plagget som ein religiøs manifestasjon. Det er og tydeleg at nokre av dei etnisk norske kvinnene seier at niqab er undertrykkande. Det er brukarar som meiner at alle kvinner bør dekke håret, og dei som ikkje gjer det, bør byrje med det først som sist.

Det fins også enkelte kvinner på forumet som ser på seg sjølv som betre enn andre, rett og slett fordi dei bruker niqab. Og det fins kvinner som ser ned på dei som går med niqab, og kallar dei for falske og arrogante, fordi dei skjuler seg bak eit religiøst ytre, men lev som syndarar. B7k seier at det er trist og uakseptabelt at nokre kvinner ser ned på andre fordi dei ikkje ber hijab, eller fordi dei ber hijab. Vidare seier ho at det er systrer både med og utan hijab som er genuine tilbederar av Allah, eller tabrakAllah som ho kallar dei. B7k meiner at det er uakseptabelt at kvinner som bruker niqab blir kalla perfeksjonistar, berre fordi dei ber eit plagg. B7k seier at nokon ber hijab gjer ikkje at ein er sterkare i trua enn andre, men plagget er rett og slett ei påminning om kven ein høyrer til. B7k seier sjølv at ho ber niqab, men at ho likevel ikkje ser på seg sjølv som ein perfekt muslim. Ho seier at ho syndar like mykje som andre. Ein bør heller ikkje sjå ned på dei som ikkje brukar hijab, det er berre Allah

som kan vite kva dei går gjennom i livet sitt. Kvinna seier altså at alle kvinner syndar, og at det at ein går med heildekkande hijab gjer ikkje at ein blir syndefri, og på grunn av dette bør ein ikkje sjå ned på andre kvinner.

B17 seier at hijab kan sjåast på som ein islamsk identitetsmarkør. Når ein gjer gode gjerningar og har på seg dette plagget, så veit folk at det er ein muslim som gjer gjerningane. Dersom kvinner oppfører seg dårleg og ber hijab, så er det kanskje betre om ein ikkje bruker plagget.

B7k får kritikk frå mange fordi ho seier at det må vere greitt at ein ikkje bruker hijab. B7k kjem ho raskt inn i diskusjonen og seier at dette var slett ikkje det ho meinte. Ho understreker at Allah har påbode alle å gå med hijab, og det er påbode å gi naisha til kvinner som ikkje går med det. Naisha er retten til å veilede/irrettesette. Vidare skriv B7k at mange kvinner seier at berre Allah kan dømme meg, men dette meiner ho er feil. Andre muslimar må kunne irrettesette folk som syndar mot Allah, men det må gjerast på ein god måte. Her ser vi ein form for indrejustis i forumet. B7k endrar meininga etter at ho møter kritikk frå andre. Ho tek ikkje ei heilomvending, men ho endrar seg i viss grad på ei linje med det dei andre forumdeltakarane meiner.

Vi har no sett at dei aller fleste meiner at ein bør bruke hijab. Dette er ikkje sunna, men påbode i islam. Dei vestlege konvertittane finn det vanskelegare enn andre å måtte følgje regelen om å dekke til håret. Det er også andre, som kjem frå ein annan kultur enn den vestlege, som ikkje vil gå med på at hijab er påbode. Dei fleste av menna på forumet er opptatt av at kvinnene bruker hijab. Dei meiner at dette ikkje kan valfritt, og alle bør følgje Allah sitt påbod.

4.2.3. IslamNet og sensur

Mange av brukarane på IslamNet lar seg engasjere av konflikten i Syria. Vi såg tidlegare at saka om dei norske muslimane med IS flagg blei sensurert frå forumet. Fahad Quereshi seier i sitt svar til alle som ønskjer å ha meiningar om saker som dette:

«Det er en stor stor synd i islam å svare på andres spørsmål når man ikke har kunnskap om det man svarer på. Det er "flott" at folk er opptatt av å kritisere andre, men ta dere to min å se på deres egne synder dere gjør i skjul eller åpent og dere vil få hjerteattakk! Ikke diskuter islam som om det er en ny kinofilm dere hat vært å sett. Dette er Allahs religion, ikke si ting dere ikke kan stå foran Allah å svare for. Ikke snakk på vegne av islam hvis dere ikke vet hva

islam lærer. Det har null verdi hva dere tror eller mener. Ikke del det og spar andre for det. Det er en stor stor synd i islam å svare på andres spørsmål når man ikke har kunnskap om det man svarer på. Det er "flott" at folk er opptatt av å kritisere andre, men ta dere to min å se på deres egne synder dere gjør i skjul eller åpent og dere vil få hjerteattakk! Ikke diskuter islam som om det er en ny kinofilm dere hat vært å sett. Dette er Allahs religion, ikke si ting dere ikke kan stå foran Allah å svare for. Ikke snakk på vegne av islam hvis dere ikke vet hva islam lærer. Det har null verdi hva dere tror eller mener. Ikke del det og spar andre for det»⁵⁷

Fahad Quereshi seier at det har null verdi kva brukarane på IslamNet meiner om blant anna denne saka. Ein skal ikkje dele sine egne meiningar utan kunnskap. Det viktigaste for Quereshi er at folk oppdagar sine egne feiltrinn, og sine egne feil. Han er opptatt av at ein ikkje skal diskutere, men at ein skal søke Allah si rette lære. Han slettar innlegg der brukarane kjem med kritikk, meiningar og påstandar. Quereshi har sett seg lei på folk som skal tale på vegne av Allah. Som nemnt er kjeldebruken svært viktig, folk utan det han meiner er gyldig visdom om islam, burde ikkje svare på spørsmål som berre gud kan svare på.

Sensurering er ein viktig jobb for moderatorane. Det er mange innlegg som berre får stå ei kort stund. Ein måte å sensurere på er å stanse folk i å skrive meir i eit debattinnlegg. Dette er kanskje den vanlegaste metoden for å luke ut unødvendig informasjon på gruppa. I andre tilfelle blir enkeltinnlegg i debattråden sensurert, oftast på grunn av at den manglar gyldige kjelder eller at innlegget blir sett på som useriøst. Useriøse innlegg kan også få stå, dersom moderatoren meiner at dette ikkje gjer noko «skade» for uttrykket dei vil at gruppe skal ha. Ein annan metode for å sensurerer er å luke ut personar ein ikkje vil ha på forumet, dette kan vere brukarar som er ueinige med IslamNet si doktrine, det kan vere brukarar som «spammar» og det kan vere brukarar som prøver å få andre til å følgje deira livssyn. Det har våre døme på shia-muslimar som har våre inne på forumet og fortal om sitt syn og vist til shia-sider på internett. Moderatorane har også fått kritikk for å ikkje vere aktive nok i sin sensur, og at dei burde ha fjerna innlegg mykje tidlegare enn det dei har gjort. Moderatorane har forsvart seg med at dei umogleg kan ha tid nok til å sjå gjennom alt som går føre seg på gruppa.

Vi har no sett på kva brukarane er opptatt av, vidare skal eg drøfte dette innhaldet i lys av teorien.

⁵⁷ <https://www.facebook.com/groups/islamnetpost/?fref=ts>

DRØFTING

5. Korleis definerer IslamNet Islam i Noreg i dag

Utifrå mi korte analyse av Facebooksida «*IslamNet – misoppfatninger om Islam*» er det vanskeleg å sjå kor stor definisjonsmakt IslamNet har for norske muslimar i dag. Det vi derimot kan sjå gjennom teori og aktivitet på sida er at IslamNet har ei sterk påverknadskraft for mange unge muslimar, spesielt dei som er busett i Oslo. Menneske som stiller seg kritiske til IslamNet sitt paradigme, blir ofte møtt med overbevisande motargument, og mange kan nok endre synet sitt etter ein diskusjon på forumet. Det er vanskeleg å vere ueinig med moderatorane, både fordi dei har ein retorikk som gjer at dei tek på seg ein moralsk autoritet, men også fordi dei bruker hyppig kjelder som bevis. Kjeldene slår som oftast fornufta på dette forumet. Ein annan grunn til at det er vanskeleg å vere ueinig med moderatorane sidan motargument ofte blir luka bort og sensurert. Eg legg også merke til at personar som seier noko som ikkje er heilt på linje med det moderatorane meiner, også moderere seg, og til slutt kanskje blir einige med moderator. Spesielt Fahad Quereshi har ein overlegen autoritet på forumet. Mykje på grunn av at han har god kunnskap om salafistisk lære, men også fordi han er leiar for IslamNet og ber med seg ein naturleg autoritet.

Vidare skal vi sjå korleis mange av desse brukarane kjenner seg mistenkeleggjorte og framandgjorte i samfunnet. Mange er svært kritiske til måten nordmenn ser på muslimar. Vi skal også sjå på kven gruppa er for, kva meiningar som er lovlege og kven som blir forvist. Vi skal også sjå på kva slags former for islam som blir danna blant brukarane, og kva slag holdningar IslamNet spreier blant medlemmane.

5.1. Framandgjering og mistenkeliggjering

Mange muslimar i gruppa har ei kjensle over at dei blir framandgjorde. Denne opplevinga får dei både frå media, men også i det daglege liv. Dei muslimane som følgjer ei konservativ retning kan også få kjensla av å bli mistenkeleggjort, rett og slett fordi dei har ei tru som er litt på sida av norma i samfunnet elles. Det kan vere på grunn av at dei ber religiøse plagg, at dei har ein etikk som er forankra i sharia-lovgjevinga, at dei har eit konservativt kvinnesyn eller at dei er opptatt av ritual i dagleglivet. Mange kan også oppleve at dei blir mistenkeleggjorte, det kan vere fordi dei er misnøgde med USA sin posisjon i verdssamfunnet, at dei er negative til Israel eller rett og slett at dei føretrekk sharia-lovgjevinga som etisk og moralsk kompass.

I eit intervju i Morgenbladet seier den tidlege medlemmen av Profetens Ummah, Qasim Ali; at når media stemplar konservative og aktivistar som ekstreme så er dei med på å framandgjere den muslimske ungdommen.⁵⁸ Mange av dei unge muslimane på IslamNet kan til tider føle seg mistenkeleggjorte. Mange har ei kjensle av at storsamfunnet er imot dei på grunn av at dei er muslimar. Det er dette Qasim Ali meiner fører til radikalisering. Det er ikkje mykje som tyder på at muslimane på forumet blir radikalisererte. Qasim Ali seier at mange journalistar framstiller konservative som potensielle terroristar. Konservative muslimar blir på denne måten rangert som dårlegare muslimar enn for eksempel meir liberale muslimar, som til dømes Faten Husseini. Ein kan ikkje setje eit «erlik» teikn med det å vere konservativ og det å vere terrorist. Vi har fleire døme på at brukarane trur på ein gud som er for fred og kjærleik. Det kan sjå ut som at til meir innsikt ein har i denne forma for konservativ islam, til meir er ein imot vold og terror. Dei fleste konservative meiner Allah aldri ville stått inne for drap av uskuldige menneske. Mange av brukarane fortel at ein muslim skal vere tolmodig og stå imot freistinga i å verte sint. Vi såg også at dei fleste meiner at muslimar er langt meir fredlege enn andre menneske.

Altså kjenner desse konservative muslimane seg mistenkeleggjorte på grunn av at måten dei praktiserer religion på. Media er nok med på å bygge opp under at tradisjonelle konservative muslimar er potensielle truslar for samfunnet. Realiteten er at IslamNet som organisasjon ønskjer seg ei radikal endring i samfunnet, men dette ønskje minner meir om reformasjonen i kristendommen på 1900-talet, enn ein revolusjon gjennom maktbruk.

58

http://morgenbladet.no/samfunn/2014/de_mener_de_tar_del_i_en_krig_mellom_det_gode_og_det_ond#.VKmpjCuG_YE

IslamNet har 15000 medlemmar, og mange av dei aktive brukarane er tydelege konservative muslimar, mens andre er meir søkjande, og veit ikkje heilt kva dei skal meine og tru. Nokre få ber preg av at dei heller mot ei meir liberal form for islam. Kven er eigentleg denne gruppa for?

5.2. Kven er gruppa for?

Facebooksida er svært populær, og den tiltrekk seg mange muslimske ungdom. Grunnen til dette kan vere at skaparane har vært flinke til å lage ei attraktiv side som både er ryddig, moderne og sakleg. Moderatorane bruker også YouTube-klipp av karismatiske og velutdanna salafistiske predikantar og andre hippe unge konservative muslimar. Sida blir konstant oppdatert, og innhaldet er difor alltid nytt. Elles blir gruppa brukt til å invitere til foredrag. Reklamane til foredraga blir gitt eit ungt preg ved at dei brukar moderne referansar, grafiske verkemiddel og kjende karismatiske islamske predikantar for å vekke merksemda rundt sine arrangement. På denne måten har dei klart å lage ei side som kan appellere til mange unge muslimar, i alle fall sunni-muslimar, uansett kva ståstad ein har. Men det fins også shia-muslimar blant brukarane. Dette er eit forum som appellerer til mange ulike menneske med ulike islamske livssyn.

IslamNet er ei gruppe for ein bestemt type retning, sjølv om den ofte påberopar seg ein universell ståstad. Det kan føre til at brukarar som eigentleg ikkje er einige med IslamNet er aktive på forumet. Det kan sjå ut som mange på forumet er aktive utan å vite at det er ei ultrakonservativ retning som driv gruppa. Dette kan eg til dømes sjå ved at mange av brukarane har profilbilete, noko som eigentleg ikkje er akseptert i den ultrakonservative læra. Moderatorane har opptil fleire gongar sagt at ein ikkje skal ha bilete av seg sjølv nokon stad. Dette er noko dei har tatt opp i fleire samtalar, men utan å gå til personleg angrep mot brukarane. IslamNet sine moderatorar meiner at ein skal vere svært forsiktig med å dømme andre, men likevel bør alle rettleiast. Brukarane kallar dette prinsippet for naisha, men prinsippet blir kalla for hisba i teorien. Eg har ikkje funne ut om det er noko forskjell på definisjonen av desse to omgrepa, begge blir brukt for å forklare at ein bør rettleie muslimar tilbake til det sanne islam, og samsvarar med prinsippet om dawa.

Eg ser også at mange av dei kvinnelege brukarane ikkje ber hovudplagg på profilbileta, noko som kan tyde på at dei heller mot ei meir liberal form for islam, då dei aller fleste konservative muslimar trur at det er grunnlag i Koranen for at alle kvinner skal bere

hovudplagg. Dette fell saman med det teorien seier om at det er kjernen rundt Fahad Quereshi som er klarast tilhengjarar av salafismen, men hjå dei resterande medlemmane varierer affeksjonen til rørsle veldig.

5.2.1. Islam for unge

IslamNet sitt forum har mange unge medlemmar. Som vi har sett har det blitt samtala og diskutert mykje om moral og reglar på dette forumet. Dei unge muslimane får eit implisitt krav om reglar som bør følgjast. Til tider kan også dette vere eit eksplisitt krav. Ungdommane lurar stadig på korleis ein skal leve eit liv på ein best mogleg måte som muslim. Mange av brukarane kjenner ei plikt til å følgje Allah sin påbod, og til å leve med Muhammed som førebilete. Vi har sett at mange av reglane er nærmast umogleg å følgje, berre tenk på kor mange ting ein burde gjer mens ein skal drikke eit glas vatn eller går på do. Det er med stor sannsyn berre unge muslimar som har tid og overskot til å klare dette. Og mange av dei vil nok oppleve at dei rett og slett ikkje strekk til. Ofte blir desse muslimane bedt om å prioritere desse krava, framfor det å gjer jobben sin, vere med venar eller å studere. Muslimane kan få ei kjensle av at ein aldri blir bra nok, og at ein berre kan gjere meir, og på denne måten blir trua eit handikap i kvardagen. Mange ungdommar kan etter ei tid som ultra-konservativ oppleve ei form for utbrentheit som gjer at dei ikkje klarer å vere tilhengjar i fleire år. Etter ei tid med ein puritansk livsstil får ein altså nok. Det er ikkje lett for meg å ta denne slutninga etter å ha studert forumet i så kort periode, men det eg har sett er at mange finn det vanskeleg å følgje IslamNet si doktrine. Eg har heller ikkje sett aktive eldre brukarar, som kan peike på at det er berre unge muslimar som klarer denne livsstilen.

På ei annan side er IslamNet ein organisasjon for unge og studentar, og dette kan klar vere ein annan grunnane til at det er så mange unge brukarar. Det er eit sannsynleg at dei eldre ikkje vil blande seg inn i dei unge sitt fora. Det er også sannsynleg at IslamNet berre rekrutterer og mobiliserer unge muslimar. Denne rekrutteringa og vidare innlæringa av doktrinen skjer på sosiale media. Sosial media blir fortsatt mest brukt av ungdommar, og IslamNet har ei ung medlemsmasse rett og slett fordi dei ikkje har valt eldre muslimar som si målgruppe. Dette kan endre seg om IslamNet får ein fast samlingsstad i den verkelege verda, men når det meste av misjoneringa føregår på nett, så er det ungdommen som blir kjernegruppa i organisasjonen. Vidare skal vi sjå på dei unge muslimane sin valfridom innanfor islam som heilheit.

5.2.2. Valfridom

Ungdommane i Noreg i dag har stor valfridom. Dei kan plukke ut det dei likar best frå internett, og hente informasjon frå der dei sjølve vil. På internett er det mange muslimske fora, og no er det kanskje mest populært å delta i debattar på Facebook. Dei unge muslimane kan vere medlem av fleire forskjellige fora samtidig, og dette trur eg også er tilfellet. Ein muslim søker på det som ser mest interessant ut, og vel å engasjere seg på dei foruma som appellerer mest til dei. Det dei tek opp som lærdom frå islam er ikkje lenger teologen og ulamas monopol, no kan dei finne den lærdomen dei sjølv meiner er best. Moskeen har kanskje mista sin posisjon som leiande informasjonsmakt.

Ungdommane på IslamNet vel sjølv om dei vil hente noko informasjon frå forumet, frå andre stadar på nett, i moskear eller i bøker. Dei ulike kjeldene treng i utgangspunktet ikkje ha den same religiøse ståstaden. Muslimane kan plukke og mikse litt av det dei sjølve finn som nyttig, og som stemmer med deira verdsbilete. Vi såg i teorien at den religiøse kunnskapen blir gitt horisontalt, og på denne måten blir kryssar idear og tolkingar kvarandre. Dette kan vi enklast sjå på forumet hjå medlemmar som kan like enkelte aspekt ved IslamNet sin teologi, medan dei ikkje kjenner seg att i andre aspekt.

Det er mykje som tyder på at fokuset på dawa tiltrekk seg mange forskjellige muslimar, også dei som er liberale. IslamNet promoterer noko dei meiner er eit autentisk og universalt islam, og difor kan mange finne noko som appellerer til deira tru, sjølv om dei ikkje identifiserer seg som ultra-konservative muslimar. Dette kjem tydeligast til syne ved at enkelte brukarar blir provosert over andre sine konservative holdningar. Mange blir opprørt over sterke meiningar om kvinner og sharia, og dei forstår ikkje kva dette har med islam å gjere. Likevel vel desse brukarane å vere medlem av IslamNet si Facebookgruppe, nettopp fordi dei finn inspirasjon i andre aspekt på forumet, som til dømes koranvers om kjærleik, fokuset på toleranse og fred og at dei får inspirasjon frå ulike talarar som blir promoterte i gruppa.

Eg trur ikkje det er 15000 ultra-konservative medlemmar på forumet. Eg trur til dømes at mange av kvinnene har feministiske holdningar. Vi har sett at nokre av dei unge kvinnene ønskjer eit meir feminisert islam. Nokre seier at hijab ikkje er eit krav, og at kvinners rettar og fridom må stå i fokus. Til dømes var det fleire som var oppgitt over sharia-lovgjevinga om steining på grunn av utruskap. Dette er ei lovgjeving som går mest ut over kvinner. På ei anna side kan dette kravet om kvinners fridom nettopp vere at dei får rette til å til dømes bere niqab. Vi såg at fleire kvinner bar dette plagget med stoltheit, og at dette var noko dei sjølve

ville gå med. Det at islam blir meir feminisert er ikkje nødvendigvis at det blir meir liberalt, men fokuset på kvinner aukar uansett. Til dømes har fredsprisvinnaren Malala fått mykje ros av både Fahad Quereshi og andre for å avstå frå å handhelse på menn og at ho brukar sjal.⁵⁹ Brukarane ser på henne som ei som kjemper for kvinners rettar, men samtidig vel å følgje det dei meiner er Allah sin bod.

Valfridomen til ungdommane på nettet gjer at dette er ei heterogen gruppe med muslimar med svært forskjellige religiøse ståstadar. Mange av dei unge muslimane plukkar litt frå forskjellige fora, og dannar seg eit islam som dei kan kjenne seg igjen. Til tider kan dette skape stor frustrasjon hjå moderatorane som ønskjer at medlemmane skal følgje deira paradigme.

Vidare skal vi sjå på IslamNet som ein neo-etnisitet.

5.2.3. Ein neo-etnisitet

Sidan mange i Noreg ser på alle muslimar som ei felles gruppe, og media er med på å oppretthalde stereotypiar, blir det viktig for nokre muslimar å danne eit bilete som dei sjølv kan kjenne seg igjen i. For mange på forumet er det frustrerande å sjå at media og andre ikkje ser forskjell på muslimar. Vi har sett i teorien at IslamNet har ein identitetspolitikk der ein prøver å danne ein felles forståing for kva det vil seie å vere muslim. På IslamNet er det berre lov å skrive på norsk, men i tilfella der ein referer direkte til ein tekst er det greitt med engelsk. Andre språk er ikkje lov, ikkje ein gong arabisk. Dette er fordi IslamNet ønskjer at alle skal kunne forstå kva som blir skrive på sida. Vi såg i teorien at språket er blitt homogenisert i mange muslimske miljø, og at skrivetradisjonane er blitt standardisert til engelsk. Dette kan vi sjå på forumet ved at mange vers frå Koranen blir posta på engelsk, gjerne med ei vakker skrift på ein estetisk bakgrunn. Elles har språket blitt homogenisert til norsk, sidan det er i denne konteksten gruppa opererer i. På denne måten har altså mykje det kulturelle islam blitt viska ut, og medlemmane opplever i mykje sterkare grad å møte ei form for personleg islam. IslamNet dannar på denne måten eit forum der alle kan føle at dei kan bidra uansett etnisitet og bakgrunn.

⁵⁹ <http://www.islamnet.no/nyheter/nyheter/2374-roser-malala-for-hennes-mot-til-a-sta-for-sin-religiose-identitet>

Likevel dannar IslamNet eit forum der ikkje alle kan få delta. IslamNet lar ikkje brukarane stille dei spørsmåla dei vil om islam, og heller ikkje svare på den måten dei sjølve vil. Eller med andre ord, moderatorane slettar dei spørsmåla og meiningane dei meiner er feil. Det er ein vanleg tanke hos mange at det regjerande paradigme skal kunne bli møtt med kritikk. Gjennom kritikken finn ein det som er ikkje er bra i religionen, og religionen kan omdefinierast og fortolkast på ein ny måte. Ideologien til IslamNet får ikkje bli møtt med nye tankar, og moderatorane forsøker å holde doktrinen uendra. Dette skal vi sjå meir på i neste kapitel.

IslamNet er altså opptatt av at ein muslim skal følgje ein god del gitte normer og reglar for korleis ein skal oppføre seg i samfunnet. På grunn av dette synet kan det vere vanskeleg for brukarane på forumet å sjå muslimar, som dei meiner praktiserer religionen på ein feil måte, representere deira islam. Løysinga til moderatorane er å aktivt sensurere og bortvise muslimar ein føler ikkje er innanfor deira paradigme. Eit anna moment er at mange av brukarane meiner at muslimar som oppfører seg dårleg fortsatt er muslimar, men at dei er muslimar som lev ei uislamsk liv. Mange ser likevel på muslimane som ein del av det større fellesskapet, eit religiøst ummah. Alle sunni-muslimar er brør og systre i islam.: Mange av brukarane er som sagt frustrert av at muslimar blir sett på som ei homogen gruppe, likevel ser dei også på seg sjølv som ein del av eit større religiøst ummah. Mange meiner at alle sunni-muslimar trur på same gud, og på denne måten ser dei på seg sjølve som ei homogen gruppe. For neo-fundamentale retningar som IslamNet er det viktig å representere ei slik universell form for islam.

Ein grunn til at Quereshi er opptatt av at spørsmål ikkje bør diskuterast, kan vere at ein vil forsøke å halde på det som er felles i religionen. IslamNet har skapt ein neo-etnisitet, der alle som følgjer IslamNet er ein del av det same fellesskap. Ein har ein visjon om at dei som følgjer IslamNet blir rettleia til å velje det som dei meiner er det sanne islam. Dersom ein opnar for at ein kan diskutere og endre paradigmet, kan også det som er felles for IslamNet bli oppløyst. Det kan virke som at Quereshi jobbar for at alle skal gå den same vegen mot eit felles mål. Altså målet om leve etter Allahs vilje. Muslimane som følgjer IslamNet skal oppklare misforståingane om islam, og leve eit liv tettare opp til profeten Muhammed. Dette er deira neo-etnisitet.

Vidare skal vi sjå på korleis moderatorane sørgjer for at ikkje det som er felles skal forsvinne.

5.2.4. Autoritære moderatorar

Når ein brukar kjem med ei meining som er litt utanfor det paradigmet tilseier, kan han eller ho bli møtt med enten sensur, utestenging eller kritikk. Dette kan bli eit problem for mangfaldet innanfor IslamNet. Ein ryddar bort alt ein er ueinig med, og lar berre det dei sjølve meiner er rett stå igjen. Det skal samstundes seiast at organisasjonen er tydeleg på kva dei meiner, og dei som vel å engasjere seg burde i utgangspunktet vite at dei opptrer i eit ultrakonservativt forum. Kanskje må ein tåle at ein blir ekskludert dersom ein har meiningar som ikkje samsvarar med moderatorane sin ståstad? For IslamNet er det viktig å halde på det dei ser på som det sanne og autentiske i islam, og om dei då slepp til alle ulike meiningar kan dei stå i fare for å miste den retninga som dei har valt å promotere. IslamNet blei oppretta for å finne tilbake til det dei sjølve meiner er det sanne islam. Dei ville vere ein motkultur til dei liberale strøymingane blant muslimar i Noreg. IslamNet kan rett og slett ikkje ta seg råd til at desse liberale strøymingane skal påverke dei som ei gruppa. Dawaen går først og fremst til muslimar som dei meiner har valt ein feil veg innanfor islam. IslamNet meiner at dei har fått denne autoriseringa til å rettleie muslimar direkte frå Allah. Dette gir moderatorane ei kjensle av å kunne utføre sosial og moralsk kontroll ovanfor muslimane i grupa. Det er viktig for IslamNet å proklamere ein islam dei sjølve kan stå for. Dersom ein lar alle moglege meiningar flyte rundt, så hadde det påverka dawaen negativt. Oppgåva og visjonen til IslamNet er å minske misforståingar om islam, og finne tilbake til det sanne i religionen⁶⁰. Det står også i reglementet på Facebook at det ikkje er lov å kome med eigne meiningar, her bør ein bruke kjeldene som IslamNet aksepterer, medlemmane blir også fortalte at dei ikkje bør uttale seg om noko dei ikkje har kunnskap om.

Quereshi har stor makt på sida, og kan stanse debattar. Ved å vere autoritær kan han klare å danne ei felles forståing om kva som er sant og kva som ikkje er det. Fordelen med dette er at Quereshi skaper eit forum der han kan indoktrinerer IslamNet sin ideologi hjå medlemmane. Med aktiv sensur blir det ikkje mange forvirrande stemmer som kjem og rotar til budskapet som IslamNet vil at lesaren skal ta imot. På denne måten skaper Quereshi ein nettbasert moské, der det er moskeen sin ideologi som blir gitt til medlemmane. Forumet er ikkje meint for meningsdiskusjonar og at ulike aktørar skal kunne diskutere seg fram til ei felles forståing. Forumet er meint som eit middel for å nå ut til folk med sitt eige budskap. At det er vanskeleg å diskutere på forumet gjer at IslamNet blir lukka for eventuelle meningsmotstandarar. Dette gjer at mange menneske ikkje får moglegheit for å forstå kva

⁶⁰ <http://www.islamnet.no/om>

IslamNet egentleg meiner. Det er vanskeleg å utfordre brukarane med spørsmål, og refleksjonen blir ein-sidedig og ofte utan motstand. Mange medlemmar blir også kasta ut frå forumet dersom ein prøver å sjå med andre auge på eit tema. Døme på dette er ein av brukarane som meinte at shia-muslimar også burde bli definert under islam. Utan ein offentleg diskurs kan IslamNet bli mistenkeleggjort og bli skulda for å vere sekteriske. Leiaren for Antirasistisk Senter, Rune Berglund Steen, har skulda IslamNet for å vere som ei sekt. IslamNet er ein open organisasjon for konservative sunni-muslimar, og det fins ingen grunnlag for å kalle dei ei sekt. Likevel kan ein forstå Steen sin kritikk når ein ser på korleis moderatorane styrer samtalane og innhaldet på forumet.

Hausten 2014 (16. november) blei fleire medlemmar utestengt frå forumet på grunn av at dei starta ein diskusjon. Det blei ordkløyveri om kvinners bruk av hijab, og medlemmane blei sparka ut fordi dei kom med syn som ikkje var på linje med deira ståstad. Dette fikk eg vite fordi ein av moderatorane kom med grunnane for valet dei hadde tatt. I andre tilfelle går moderatoren inn i samtalen, og seier at ingen fleire kommentarar er nødvendige, og at alle nye kommentarar blir sletta. Moderatoren bestemmer kva svar den som stiller spørsmålet skal få, og når spørsmålet er blitt svart på. Vi kan seie at eit spørsmål har eit fasitsvar, og at moderatoren er sensoren som fortel kva som er feil eller rett. Sensoren sit alltid på det rette svaret, og kan ikkje motseiast.

Denne eintydige framstillinga kan både føre til større einigheit og kan ha ein samlande effekt, men den kan også auke polariseringa både til andre muslimar og til samfunnet elles.

Vidare skal vi sjå kva slags holdningar denne framstillinga representerer.

5.3. Kva holdningar representerer IslamNet

Som vi har sett er moderatorane opptatt av at brukarane skal følgje deira paradigme. No skal vi sjå på kva slags holdningar som blir spreidd gjennom dette paradigmet.

Under fredskonferansen, som IslamNet heldt i Oslo, blei tilskodarane spurt om dei var for dødsstraff og steining på grunn av utruskap. Svært mange av dei 1500 oppmøte rekte opp handa for å vise at dei støtta denne lovgjevinga. Dette fekk antirasistisk senter til å reagere.⁶¹ Leiaren for antirasistisk senter seier at Quereshi promoterer dødsstraff ovanfor mange menneske, og at dette er eit bodskap fylt med hat. I den same artikkelen seier han at han er

⁶¹ http://www.dagbladet.no/2013/10/17/nyheter/innenriks/islam_net/antirasistisk_senter/29788371/

uroleg for at denne type ideologi skal kunne spreia til ungdomsmiljøa i Oslo. Quereshi stiller seg uforståande til kritikken, og seier at dei jobbar mot radikalisering og ekstremisme i muslimske miljø. Han seier og at dei absolutt ikkje vil innføre sharia i Noreg. Vi såg tidligare i avhandlinga at IslamNet er ei retning som ønskjer å vere apolitiske. Det som er viktig er den personlig trua og den religiøse oppvakninga. Kritikken om at IslamNet promoterer dødsstraff er nok noko overdriven. Likevel kan Quereshi sin retorikk gjere at budskapet lett kan misoppfattas. Quereshi meiner at Allah veit best og at det er han som er lovgivaren. Han seier at Allah er rettferdig og at steining og dødsstraff blir gitt på slike premisser at det i realiteten ikkje kan utførast. Lova om steining blir meir avskrekkande i hans auge, og kan i utgangspunktet aldri gjennomførast. Denne forma for retorikk kan likevel skape eit bilete hjå mottakaren at både han og organisasjonen meiner det er greitt med steining av kvinner. Quereshi har stor autoritet på forumet, og han møter sjeldan eller aldri kritikk. Eit anna aspekt ved å promotere sharia på denne måten er at IslamNet har ei sterk røyst i det muslimske landsskapet i Noreg. IslamNet kan vere med på å skape haldningar innanfor islam som heilheit. Dei kan også vere med på å definere korleis norske borgarar ser på muslimar. IslamNet har på ein måte tatt røysta for alle muslimar i samfunnet, det dei seier har etterkvart fått stor merksemd i media og blant muslimar sjølv. Quereshi meiner sannsynlegvis ikkje at steining bør bli utført i Noreg, likevel har media tatt opp dette som hans og mange andre muslimar sitt syn i denne saka. Dette kan vere med på å gi argument til islamofobar som meiner at det er ei sanning at muslimar aktivt motarbeider demokratiet i Noreg, og øydelegger den norske kulturen.

Moderatorane og mange av brukarane på IslamNet er altså ultrakonservative. Vidare skal vi sjå på kva slags former for islam som blir danna i dette forumet.

5.4. Kva former for islam dannar IslamNet

Det er tydeleg at IslamNet følgjer ein puritansk salafisme, sjølv om ikkje blir eksplisitt uttalt på forumet. Ein kan likevel sjå dette ved at moderatorane bruker salafistiske lærde når dei argumenterer for ei sak. Moderatorane og mange av brukarane har også ei bokstavtru tolking av Koranen og profetens Sunna. Dei følgjer og ein apologetikk som inneber at dei forsøker å bevise at islam er ein rasjonell og ein logisk religion. Og dei er svært opptatt av religiøs praksis og doktrine, dette gjer at dei skil seg bort frå islamismen. I tillegg impliserer moderatorane ei svært intolerant haldning ovanfor shia-muslimar, dette viser at dei følgjer ein

form for dogmatisk puritanisme. Moderatorane er og skeptiske til politisk deltaking, og dei fordømmer vold. Dette gjer at dei skil seg bort frå den politiske og militante salafismen, som blant anna Profens Ummah er ein del av. Dei er meir opptatt av misjonering, noko som også peiker i retninga av den puritanske salafismen.

Enno har ingen av brukarane stilt spørsmål om kva retning IslamNet følgjer. Vi har sett at IslamNet forsøker å representere ei global form for islam, som er heva over lokal kultur. Det kan vere ein av grunnane til at IslamNet har valt å nemne salafismen som religiøs ståstad. Denne globale forma gjer at alle kan søke og finne sin identitet som muslim hjå dei, på tvers av kultur og religiøst opphav. Ein annan grunn kan vere at ein er redd for å skremme bort ungdommen, sidan dette omgrepet kan gi koplingar opp mot Profetens Ummah. Det er og mykje lettare for IslamNet å nå ut med sitt budskap dersom ein krevjar retten til å tale på heile islam si vegne. Mange av ungdommane er født og vokse opp i Noreg, og kjenner seg ikkje igjen i foreldra sin religiøsitet. IslamNet har skapt ein møtestad der ein kan finne sin eigen identitet, og lytte til likesinna ungdommar som fortel om trua si. Dette er ei form for islam der ein ikkje treng å kome frå eit spesielt land eller snakke eit spesielt språk for å kjenne seg heime

IslamNet når budskapet sin på ein svært effektiv måte, mykje på grunn av den digitale salafiseringa. Altså at salafismen spreier sitt budskap gjennom sosiale media. På forumet kjem det mange søkjande ungdom som ønskjer å få svar på store og små spørsmål om islam. Eg trur mange av dei ungdommane har funne dette forumet for at dei kan få enkle svar på spørsmåla sine. Slik eg ser det utifrå dei som er aktive brukarar er at det er mange som umogleg kan vite at dette er ei ultrakonservativ retning. Likevel er det mange som lyttar til det som blir sagt, og lar seg hengi til orda frå dei autoritære og kunnskapsrike moderatorane. Dette meiner eg kan vere med på å gjere muslimske ungdom meir konservative. IslamNet har forplikta seg til å fortelje muslimane kva som er sanninga, og deira sanning ber med seg ein ultrakonservativ ideologi .

Vidare skal vi sjå om denne påverknaden gjer at muslimane på forumet blir meir intolerante ovanfor andre grupper i samfunnet.

5.4.1. Skaper IslamNet intoleranse i det muslimske miljøet?

Som vi har sett i teorien blir puritanske salafistar ofte skulda for å ha eit dårleg kvinnesyn og sterke antipatiar mot homofile. I mi analyse har eg møtt svært lite av dei negative

skildringane. Eg har møtt ei forståing ovanfor kvinner som ikkje bruker hijab, og mange har ytra at desse kvinnene fullt ut er muslimar. På den andre sida er det ein stor del som seier at alle kvinner bør dekkje seg mest mogleg til. Nokre er også oppgitt over alle kvinnene som ikkje bruker hijab. Likevel blir ikkje dei sjallause muslimske kvinnene stigmatiserte i ei altfor stor grad på forumet. Det eg meiner med det er at dei får delta i debattar, og deira meiningar kan bli møtt med like stor forståing som dei andre sine meiningar. Eg har heller ikkje møtt sterke antipatiar mot homofile, sjølv om ein kan sjå at dette er noko som ikkje er akseptabelt i deira auge. Det kan ein blant anna sjå ved at dei meiner at homofili ikkje fins blant dei som er muslimar. Dersom ein er homofil er ein heller ikkje muslim, dette er ein del av vesten sin umoral. Det ser ut som det viktigaste for muslimane på forumet er å passe på seg sjølv og sitt eige forhold til gud. Dei er meir opptatt av korleis dei sjølve kan leve etter Allah sin vilje, enn korleis andre lev sitt liv. Det skal likevel seiast at eg trur dei holdningane som strider imot samfunnets normer er underliggande. Dette kan eg blant anna sjå ved korleis mange talar om både kvinner og andre som dei meiner lev eit liv som ein ikkje kan foreine med islam. Implisitt kan ein forstå at mange, og spesielt moderatorane, meiner at sin eigen levemåte er den rette, og at ein leve etter dei ideala som IslamNet meiner er passende for ein rettruande muslim.

IslamNet er svært intolerante forhold til shia. Diskusjonen om shia er til tider svært hatefull, og ber preg av at ein ikkje ønskjer denne gruppa i det muslimske miljøet. Moderatorane oppmodar sine brukarar til å sjå på shia-muslimar som vantru og som avgudsdyrkarar. Dette kan vere med på å spreie ein større distanse mellom shia og sunni muslimar i det norske samfunnet. Som vi ser har forumet ei svært stor påverknadskraft for ungdommen. Denne tanken blir framstilt som ei absolutt sanning. Sjølv distanseringa er kanskje ikkje problem i seg sjølv. Ein bør ha rett til å meine at si tru er den rette. Det er til dømes ingen som krev at evangelisk luthersk kristne skal sjå på Jehovas Vitne som kristne. Problemet i dette tilfellet er at ein krevjar retten til å bestemme kven som er innanfor og utanfor islam. Det er mange av brukarane som synast det er vanskeleg kalle ein shia for kuffar. Retorikken moderatoren bruker i sitt svar er bastant og urokkeleg, shia-muslimar høyrer ikkje til i det muslimske fellesskapet. Dei brukarane som tala positivt om shia fikk innlegga sine sletta, eller kasta ut frå forumet. Moderatorane vil ikkje at det skal vere spor av shia-venlege tankar på forumet. Eg har ikkje sett at noko har blitt slått hardare ned på enn akkurat dette.

Vidare skal vi sjå på IslamNet sitt forhold til storsamfunnet.

5.4.2. Islam vs. resten

Som nemnt tidlegare er muslimane opptatt av å mobilisere mot det dei meiner er usanne meiningar om islam og muslimar. Ein av agendaene til IslamNet er å mobilisere mot islamofobar som dei meiner spreier falske sanningar om islam. Vi har sett at mange av brukarane er redde for kva menneske i samfunnet tenkjer om dei, og at det er deira plikt å vise islam frå ei god side. Mange av holdningane til IslamNet er universalistiske gode dydar. Det handlar om å gjere gode gjerningar, hjelpe menneske som treng det, og oppretthalde fred og toleranse blant menneske. IslamNet viser omsyn til den politiske konteksten dei opererer i, i Noreg skal ein prøve å leve som ein best mogleg norsk borgar, samtidig som ein er muslim. Sett i eit dawa-perspektiv er dette ein del av det å få menneske til å velje islam, og muslimar til å velje salafismen.

På den andre sida har IslamNet ei form for islam som kan bere preg av å vere intolerant og isolerande ovanfor resten av samfunnet. Det er ikkje vanskeleg å finne tema på forumet som skil seg så kraftig frå samfunnets normer at dei bør møtast med ei form for kritikk. Berre tenk på sharia-diskusjonen eller korleis nokon av brukarane forsvare IS. Dette er ei form for meiningar som kan gjere at fleire i større grad blir skeptiske til muslimar. Dei konspiratoriske meiningane om USA, media og IS er noko som både islamofobar og moderate menneske kan reagere med avsky på. Dersom noko blir kritisert innanfor sunni-islam, kan den som gir kritikken bli stempla som ein skaper splid og uro i det muslimske ummah. Ta B2 som eit døme. Han prøvde å kritisere noko han meinte var feil i enkelte muslimske miljø. B2 sine meiningar blei møtt med tøff motstand. Kven var han som kunne dømme ein muslim. Han burde ikkje kome med sånn skarp kritikk offentleg. Ubaydullah Hussain er ein bror i islam, og ein skal ikkje kritisere sine egne. IslamNet kan få eit dårleg rykte når både islamofobar og meir moderate menneske i samfunnet deler meiningar om at dette er ei form for islam som kan skade samfunnet. Dersom slike meiningar får stå utan kritikk kan islamofobar igjen få moglegheit til å bruke påstandane som argument mot islam. Vi såg i teorien at islamofobi er eit kunnskapsregime der ein antar at det fins ei rekke sanningar om muslimar. I dette tilfellet kan sanninga til islamofobane vere at muslimar beskyttar og forsvare radikale islamistar, nettopp fordi Hussain vert kalla for ein bror. Dersom tendensen blir at det er islamofobane som «tør å ta denne debatten», kan ein oppleve at det kjem usann kritikk som ber preg av både rasisme og hat. Desse holdningane kan spreie seg til meir moderate miljø. Dersom ein ikkje tek tak i holdningar som ber preg av å vere ekstreme, kan dette skade organisasjonen sin

visjon for å slå ned på islamofobi og misoppfatningar om islam. Med andre ord, B2 sin kritikk burde kanskje ha blitt møtt med forståing i staden for sensurering.

Mange av brukarane på IslamNet tenkjer at vesten er den store stygge ulven som undertrykkjer all form for islam. Vesten og media blir nærmast sett på som fiendar av islam. Ein kvar form for kritikk av islam kan bli sett på som islamofobisk. Dei meiner at muslimar systematisk blir undertrykte, og at dei alltid må forsvare seg mot nokon som vil sverte deira religion. Dette er ei holdning som ein stor del av brukarane ber med seg. Eg meiner at mange av brukarane på IslamNet er konspiratoriske når dei seier at media har eit konstant negativ syn på islam. Til dømes påstår Quereshi at media driv med propaganda for å sverte islam. Dette stemmer nok ikkje heilt med den fullstendige sanninga. NRK-reporteren Sissel Wold har til dømes fått kritikk frå kristne fundamentale for å ta islam si side i Israel-Palestina konflikta. Media i Noreg er ikkje spesielt kjende for å vere harde mot muslimar. Likevel vel mange av brukarane å gi media skulda for å stigmatisere muslimar som ein trussel mot samfunnet. Denne holdninga om at media er i mot dei kan skape ein distanse mellom muslimane på forumet og resten av samfunnet. Dette er ein tendens eg meiner er svært negativ. Dersom ein meiner at alle jobbar i mot deg, får ein også ei kjensle av at ein ikkje står på same side. Ein ser på seg sjølve som ei marginal gruppe i samfunnet, som aldri heilt får den aksepten ein ønskjer.

Denne forma for isolasjon kan vi også sjå i deira holdningar til ikkje-muslimar. Til dømes såg vi dette i tipsa B8k fekk av dei andre brukarane. Ho blei oppmoda til å holde seg unna dei andre ungdommane på skulen. Hennar relasjon til dei kan føre til moralsk forfall. Mange av brukarane på IslamNet tek på seg ein sjølverklært moralsk autoritet, og denne autoriteten blir brukt til å stigmatisere vestlege og shia-muslimar. I følgje mange er vestlege ungdom berre opptatt av sex, rus og umoral. Som vi såg i teorien har IslamNet ei kjensle av ei moralsk overlegenheit. Kari Vogt seier at i det er i eit slikt miljø at isolering i forhold til storsamfunnet blir læremessig grunna i deira eiga doktrine. Med andre ord; brukarane blir lært opp til å holde seg til sine egne.

Mange kan nok ha ei kjensla av å høyre til ei gruppe som har funne det autentiske islam. Dei har rett, og resten tek feil. Denne tanken kan bli ein sterk identitetsmarkør for ungdommane. Denne sjølverklærte moralske autoriteten kan gi medlemmane ei kjensle av å vere betre enn resten. Når ein høyre til IslamNet får medlemmane ei kjensla av å høyre til i ei gruppe med «overlegen islamsk kunnskap», og at dei sit på noko som er autentisk. Ei slags openbaring som er spesielt for dei. Det vil ikkje seie at ingen andre kan sleppe til i gruppa, målet er at alle

muslimar og menneske skal få denne openbaringa. Dette gjer at ein stiller seg utanfor samfunnet, og ser på ein måte ned på resten, dei som er utanfor gruppa. Dei kan sjå ned på foreldra som dei meiner har våre for slappe i si religionsutøving, dei kan sjå ned på menneske i samfunnet og andre muslimar. Dette gjeld klarast dei muslimane som har funne sin identitet i IslamNet si puritanske doktrine.

6. Avslutning

I denne oppgåva ville eg altså sjå på kva former for islam som blei danna i Noreg i dag? Eg ville og sjå på kva slags haldningar dette forumet skapte blant unge muslimar. Tendensane eg kunne sjå i mi forskning var at desse unge muslimane er opptatte av religiøse ritual og levereglar. Og at denne livsstilen kan i stor grad vere altomfattande og svært dogmatisk.

IslamNet danner ulike former for islam. Sjølv ønskjer nok Fahad Quereshi og moderatorane at alle muslimane i gruppa skal følgje den puritanske salafismen. Denne trua står sterkt hjå moderatorane, og dei har valt å argumentere sterkt etter denne læra. Viktige kjelder for dei er jo tross alt den saudi-arabiske databasen islamqa.com, som ber preg av å vere djupt forankra i salafistisk lære. Det er likevel mange teikn på at denne læra ikkje fell i god jord hos alle brukarane, den puritanske salafismen er nok altfor vanskeleg å følgje for ein stor del av følgjarane. Likevel kan vi sjå at denne gruppa er med på å danne ei større konservativ gruppering i ungdomsmiljøet. Sjølv om ungdommane ikkje blir beint fram følgjarar av den puritanske salafismen, får nok mange ei meir fundamentalistisk forståing av islam.

Konsensus for mange av desse muslimane er at Muhammed sitt liv er verdt å etterfølgje. Ei anna felles forståing er at det er berre Allah som kan gi svar på viktige spørsmål og desse svara finn ein enten i Koranen eller i kjelder frå Muhammed sitt liv. Deira islam blir altså meir rigid og mindre open for tolking. Det må seiast at det er vanskeleg for meg å sjå om brukarane har hatt denne ultrakonservative forma for islam som sitt livssyn over lengre tid, eller om IslamNet har påverka dei i denne retninga.

Det fins både positive og negative sider ved ei slik form for islam. Dei positive sidene er at ungdommane finn ein religiøs identitet på tvers av kultur og landegrenser. Ungdommane er med i eit fellesskap der det er det same om du er frå Noreg, Irak, Somalia eller Bosnia, i denne gruppa kan nok alle føle seg heime. IslamNet har på denne måten danna ein nettbasert moské. Andre positive sider ved ei slik form for islam er at dei er svært opptatt av å vise dei gode sidene ved islam. Brukarane ønskjer å få fram at islam er ein religion med kjærleik og toleranse. Det er mykje snakk om at det er kjærleiken til og frå Allah som er det absolutt viktigaste. Prinsippet om dawa står sterkt, og det handlar om å vinne folk til si tru gjennom å danne ei attraktiv form for islam.

Dei negative sidene er nok at denne typen for islam er svært vanskeleg å gjennomføre. Det er mykje som tyder på at mange av brukarane er oppgitt over at dei ikkje klarer å leve etter Allah sin vilje. Rituala og reglane dei skal gjennomføre er svært tidkrevjande for mange av

muslimane. Det ber og preg av at ein aldri kan bli heilt god nok, du kan alltid gjer noko betre. IslamNet skaper ei form for islam som handlar om å vere best mogleg. Her er eit internt press om å vere ein best mogleg muslim. Andre negative sider ved ei slik form for islam er at den kan vere med på å isolere desse muslimane frå andre. Denne isolasjonen skjer både i det muslimske miljøet, men også til samfunnet elles. Denne isolasjonen kan vere med på å skape ein sterk gruppeidentitet og fellesskapsforståing, men også ei distansering til andre grupper og miljø. Det at ein ser på vesten som ein slags motstridande part dannar også bilete av at alle er imot dei. Denne forma for islam dannar eit bilete av det vestlege storsamfunnet som noko som står i motsetning til islam. Dette gjer at ein kanskje lagar eit bilete av seg sjølv som meir undertrykt enn det dei i utgangspunktet er. Med andre ord er denne forma med på danne eit slags fiendebilete av vesten.

Altså er IslamNet med på å danne ei meir konservativ linje i det muslimske miljøet i Noreg. Det er ikkje alle brukarane som er like konservative. Enkelte av dei er meir liberale, medan andre går mot ei meir fundamental og ultrakonservativ retning. IslamNet sjølve ønskjer å gi eit bilete av det dei meiner er det sanne og ekte islam, og på denne måten klargjere for menneske i samfunnet kva som er misoppfatningar om islam.

Litteraturliste

Alvesson, Mats og Sköldberg, K. (2008) *Tolkning och reflektion – vetenskapsfilosofi och kvalitativ metod*. Lund: Studentlitteratur.

Bangstad, Sindre og Linge, M (2013) *IslamNet – puritansk salafisme i Norge*, i: *Kirke og Kultur 4*: 2013, s. 254-272

Bangstad, Sindre (2011) *Islamofobi, rasisme og religionskritikk*, i: *Kirke og Kultur 4*: 2011, s. 247-262

Bergström, Göran og Boréus, K. (2012) *Textens mening och makt – metodbok i samhällsvetenskaplig text- och diskursanalys*. Lund: Studentlitteratur.

Bryman, Alan (2012) *Social research methods – 4th edition*. New York: Oxford University Press.

Linge, Marius (2013) *Den konservative muslimske vekkelsen – Om IslamNet, Profetens Umma og Salafismen fremvekst i Norge*, i *Samtiden 4*: 2013, s. 1-12

Naguib, Saphinas-Amal (2002) *Fra islam i Norge til norsk islam? i: Kirke og Kultur 4*:2002, s. 354-361

Roy, Olivier (2004) *Globalized Islam – the search for a new ummah*. New York: Colombia University Press.

Vogt, Kari (2008) *Islam på norsk – moskeer og islamske organisasjoner i Norge*. Oslo: Cappelen Damm.

Elektroniske kjelder:

Materiale til forskinga: <https://www.facebook.com/groups/islamnetpost/>

Informasjon om IslamNet: www.islamnet.no

Forklaring av omgrep og historiske hendingar: www.snl.no

www.wikipedia.com

Offentlege debattar: www.dagbladet.no

www.aftenposten.no

www.morgenbladet.no